


Øystre Slidre kommune

ØKONOMIPLAN 2019 – 2022 ÅRSBUDSJETT 2019



Vedtatt av kommunestyret i sak 76/2018

Innhald

1	MÅL OG PRIORITERINGAR	6
1.1	Hovudmål for Øystre Slidre kommune.....	6
1.1.1	Visjon.....	6
1.1.2	Vedtekne mål.....	6
1.1.3	Satsingsområde.....	7
1.2	Prioriteringar	8
1.2.1	Politiske mål for økonomiplanen	8
1.2.2	Drift – prioriteringar.....	10
1.2.3	Strukturendringar og regionalt samarbeid.....	11
1.2.4	Nytt inntektssystem for kommunane	11
1.3	Økonomisk status i 2018.....	12
1.3.1	Prognose for drifta i 2018.....	12
2	ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.....	13
2.1	Resultat.....	13
2.2	Økonomiske hovudoversikter	13
2.2.1	Økonomisk oversikt drift.....	13
2.2.2	Økonomisk oversikt investering.....	14
2.3	Organisasjon.....	15
2.3.1	Stillingsramme	15
2.3.2	Utvikling i årsverk	16
2.4	Driftsbudsjettet - 2019	17
2.4.1	Generelt.....	17
2.4.2	Frie inntekter, rammetilskott og skatteinntekter	19
2.4.3	Kraftinntekter	19
2.4.4	Andre inntekter	19
2.4.5	Eigedomsskatt.....	19
2.4.6	Lønskostnader.....	19
2.5	Investeringar	19
2.5.1	Finansiering av investeringane.....	22
2.6	Lånegjeld	22
2.7	Finansielle utgifter	23
2.8	Fond – avsetjing og bruk.....	23
3	INTERKOMMUNALT SAMARBEID	26
4	POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING.....	27
4.1	Stillingsramme.....	27
4.2	Økonomiske hovudtal.....	27
4.2.1	Beredskap	28
5	STABEN.....	29
5.1	Mål, status og sentrale utviklingstrekk.....	29
5.2	Stillingsramme.....	29
5.3	Økonomiske hovudtal.....	30
5.4	Tiltak	30

6	PLANAVDELINGA	31
6.1	Mål, status og sentrale utviklingstrekk.....	31
6.2	Stillingsramme.....	32
6.3	Økonomiske hovudtal.....	32
7	OPPLÆRING OG KULTUR.....	33
7.1	Felles for området	33
7.1.1	Mål	33
7.1.2	Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA).....	33
7.1.3	Stillingsramme	35
7.1.4	Økonomiske hovudtal	35
7.2	Grunnskule.....	36
7.2.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk.....	36
7.2.2	Status	37
7.2.3	Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovudtal	38
7.2.4	Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	38
7.2.5	Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal	39
7.3	Tiltak i grunnskulen	39
7.4	Barnehage	40
7.4.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk.....	40
7.4.2	Status	40
7.4.3	Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	41
7.4.4	Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal	41
7.4.5	Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal	42
7.4.6	Tiltak i barnehagen.....	42
7.5	Kultur.....	42
7.5.1	Sentrale føringar og utviklingstrekk.....	43
7.5.2	Status	43
7.5.3	Stillingsramme og økonomiske hovudtal.....	45
7.5.4	Tiltak	45
7.5.5	Flyktingtenester - kvalifiseringstenesta	46
8	HELSE OG OMSORG	47
8.1	Felles for området	47
8.1.1	Mål.....	47
8.1.2	Sentrale føringar og utviklingstrekk.....	47
8.1.3	Kvalitet og ressursbruk i dag (frå verksemdsanalysen og Kostra).....	48
8.1.4	Stillingsramme	50
8.1.5	Økonomiske hovudtal	51
8.2	Helseavdelinga.....	51
8.2.1	Status	51
8.2.2	Stillingsramme	52
8.2.3	Økonomiske hovudtal	52
8.2.4	Tiltak	53
8.3	Institusjon og heimebaserte tenester (IHT).....	53
8.3.1	Status	53
8.3.2	Stillingsramme	54
8.3.3	Økonomiske hovudtal	55
	Tiltak	55
8.4	Miljøtenesta.....	55
8.4.1	Status	55
8.4.2	Stillingsramme	56
8.4.3	Økonomiske hovudtal	56

8.4.4	Tiltak	56
8.5	Interkommunale tenester (NAV, barnevern og intermediærsenger i VLMS).....	56
8.6	NAV.....	57
8.6.1	Tiltak	57
8.6.2	Barnevern – status og økonomiske hovudtal	58
8.7	Valdres Lokalmedisinske Senter (VLMS)	59
8.7.1	Økonomiske hovedtall	59
8.7.2	Tiltak	59
9	TEKNISK DRIFT	60
9.1	Status.....	60
9.2	Stillingsramme.....	61
9.3	Økonomiske hovudtal.....	61
9.4	Framdrift.....	62
9.5	Tiltak	62
10	NÆRING OG BYGGESAK.....	63
10.1	Mål og status.....	63
10.2	Byggesak	63
10.3	Næringsutvikling.....	65
10.4	Landbruk	65
10.5	Stillingsramme.....	65
10.6	Økonomiske hovudtal.....	66
10.7	Tiltak i drift og investering finansiert med eigedomsskatt i 2019-2022.....	66
11	KRAFTFORVALTNING.....	68
12	FINANSFORVALTNING	69
13	AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR.....	70
13.1	Eigenbetaling i barnehagane.....	70
13.2	Eigenbetaling i skulefritidsordninga	70
13.3	Eigenbetaling i kulturskulen.....	71
13.4	Opphald på sjukeheimen.....	71
13.5	Kurdøgnpris 2019.....	72
13.6	Heimehjelp	72
13.7	Mat	73
13.8	Tryggleiksalarm.....	73
13.9	Gebyrregulativet 2019 – tekniske tenester og næring/byggesak	73
14	VEDLEGG I: HANDLINGSREGELEN FOR GOD ØKONOMISTYRING	77
14.1	Målsetting.....	77
14.2	Handlingsreglar for disposisjonsfond og disposisjonsfond næring	77
14.2.1	Disposisjonsfond	77
14.2.2	Regler for Disposisjonsfond Næring.....	78
15	VEDLEGG II: SKILDRING AV INVESTERINGSPROSJEKT 2019-2022	79

15.1	VA-prosjekt	80
16	VEDLEGG III: TALBUDSJETT	83
17	VEDLEGG IV: FRITAK FOR EIGEDOMSKATT I 2019	85
18	VEDLEGG V: ORGANISASJONSKART	86

1 Mål og prioriteringar

1.1 Hovudmål for Øystre Slidre kommune

Kommunestyret har i si sak 040/17 gjort slikt vedtak:

1.1.1 Visjon

”Øystre Slidre – rein naturglede!”

1.1.2 Vedtekne mål

Overordna mål:

- vere av landets beste bu- og besøkskommunar
- vere av dei beste på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting
- å vere landets leiande heilårsreisemål med attraktive handels- og møteplassar med Beitostølen som motor
- vere ei kunnskapsbygd

Delmål:

Rein Naturglede

Øystre Slidre kommune skal:

- syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet
- bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar

Vekst i kvalitet

Øystre Slidre kommune skal:

- tilby tenester som i kvalitet, innhald og effektiv ressursbruk, tilfredsstillar innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov

Alle er med

Øystre Slidre kommune skal:

- ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge
- vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon

Offensiv organisasjon

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert
- vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga
- prioritere aktiv informasjon, både internt og eksternt

Tilsett i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida
- Tilsette i Øystre Slidre kommune skal ha høg trivsel med fokus på eigen utvikling

1.1.3 Satsingsområde

Nærings og samfunnsutvikling.

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust og framtidretta næringsliv
- Kommunen skal vere ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei
- Øystre Slidre kommune skal ha auka fokus på landbruk i kommunen

Oppvekst og læring

Øystre Slidre kommune skal vere ei kunnskapsbygd, som vil si at me er over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring. Kommunen skal ha skuler og barnehagar, kvar alle barn og elevar føler seg velkomne, blir sett og kan utvikle tru på egne evner. Skula skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheter for utvikling. Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta egne og gode val for framtida skal stimulerast.

I Øystre Slidre skal det vere:

- Garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle
- Høgare andel minoritetsspråklege barn i barnehagen
- Minst 50 % pedagogtettethet i barnehagane
- Fleire mannlege tilsette i barnehagane
- Lærarar som oppfyller kompetansekrava i dei faga dei undervisar i

Folkehelse, pleie og omsorg og sosiale tenester

Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, pleie og omsorg og sosiale tenester.

Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i Folkehelseprofilen. Kommunen skal syte for at våre innbyggjarar får mulighet til ein sunn livsstil, og deltaking i samfunnet i heile livsløpet.

Samferdsel

Kommunen har som mål å arbeide for at alle har tilgang til eit raskt digitalt nett. Som ledd i mål om kunnskapsbygd skal det arbeidast for at flest mogeleg kan meistre denne teknologien.

Øystre Slidre skal arbeide for å gjennomføre tiltaka i trafikktryggleiksplana.

Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg mot dei reisande. Prioritering av rydding skog/kratt langs vegane i heile kommunen.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

Kommunen har som overordna mål å ha positiv folketalsutvikling. Kommunen skal legge til rette for arbeidsplassar, nyskaping, samt grendeutvikling for å nå dette målet.

Regional sentrumsutbygging

Beitostølen skal utviklast vidare for å styrke posisjonen som eit av tre regionsentra i Valdres.

Kommunen skal legge til rette for nye arbeidsplasser, sentrumsnære personalbustader for kort og langtidsleie/kjøp, nyskaping samt grendautvikling for å nå dette målet.

Kommunaltekniske tenester

Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.

Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplatt til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene. Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.

Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

Idrett og kultur

Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen. Øystre Slidre ynskjer å gje eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen. Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen.

Kommunal økonomi

Det er fastsett følgjande resultatmål (basis i sum driftsinntekter i sist avlagt årsrekneskap eks. inntekter frå sjølvkostområde og rentekompensasjon):

- Netto driftsresultat 3,0 %
- Disposisjonsfond 17,5 %
- Lånegjeld 40,0 %

1.2 Prioriteringar

Prioriteringane er i tråd med intensjonane i planstrategi, planprogram og kommuneplan med tilhøyrande samfunnsplan (vedtatt i kommunestyret 23.10.14), samt kommunedelplan for helse- og omsorgstenester.

1.2.1 Politiske mål for økonomiplanen

Prioriteringane nedanfor vil blir revidert i samband med rullering av kommunen sin planstrategi i perioden.

Kommunestyret har i sak 49/16 lagt til grunn slik prioritering i planperioden:

Tabell 1-1 Prioritering

Kva er viktig 2019	Kva er viktig men haster ikkje 2019-21	Kva er ikkje viktig 2022-
VVA plan	Miljøprofil	Bustadfelt
Utmark og fjellpolitikk	Nye Gangvegprosjekt	Nye planer
Sentrumsutvikling	Skule og Utdanning	Nye interkommunale samarbeid
5- dagars skoleveke	Arbeidsplasser	Press frå overordna myndighet
Vegar i kommunen	Gjengroing	
Folkehelse	Økonomi	
Plankapasitet		
Breiband		
Deltidsprosjekt – helgevakt		
Psykisk helse – fokus alder 15-24		

Kommunestyret har tidlegare sett økonomiske mål for økonomiplanarbeidet. Tabellen nedanfor syner skjematisk i kva grad dette framlegget til økonomiplan når desse måla:

Tabell 1-2 Måloppnåing i økonomiplanperioden


Mål – Handlingsregel	2017	2018	2019	2020	2021	2022
1. Netto driftsresultat	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Mål: 3 % av brutto driftsinntekter	3,9	2,5	-1,4	-0,5	-0,8	-0,3
2. Disposisjonsfond	Ja	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Mål: 17,5 % av brutto driftsinntekter eks. sjølvkostinntekter	24,1	21,5	14,8	14,2	13,2	13,2
3. Lånegjeld	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Mål: Lånegjelda skal liggje under 40 % av brutto driftsinntekter korrigerert for inntekter frå sjølvkostområde	42	42	72	68	68	68

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste økonomiske nøkkeltala for ein kommune. Netto driftsresultat bør ideelt sett ligge på over 3 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret sitt mål for økonomiplanperioden er at dette skal vera 3 %, justert for sjølvkostområdet. Med bakgrunn i høgt investeringsnivå i perioden vil gjelda auke og disposisjonsfond vil bli redusert. Dette gjer at ein i ein periode framover vil få svakare nøkkeltal enn fastsette mål i *Handlingsregelen*.

Økonomiplanperioden 2019-2022 vil vera prega av høgare netto lånegjeld, noko som inneber auke i utgifter til renter og avdrag. Dette gjer at kommunen sin økonomi er meir følsam enn tidlegare, m.a. med omsyn til rentesvingingar, svikt i inntekter knytt til rammetilskott og skatteinntekter samt svingingar i pensjonsutgiftene.

Figur 1-1 Netto lånegjeld per innbygger i valdreskommunane (kjelde: SSB, KOSTRA 2017)


Finansielle nøkkeltall fra bevilgnings- og balanseregnskapet i kroner per innbygger, etter region og år. Netto lånegjeld, Beløp per innbygger (kr).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 1-2 Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter i valdreskommunane (kjelde: SSB, KOSTRA 2017)

Finansielle nøkkeltall fra bevilgnings- og balanseregnskapet i kroner per innbygger, etter region og år. Netto lånegjeld, Beløp per innbygger (kr).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

1.2.2 Drift – prioriteringar

Økonomisk er det fire hovuddrivarar for Øystre Slidre kommune:

- Løn
- Rente
- Kraft
- Skatt og rammeoverføringar

I økonomiplanen er det føresett at lønsutviklinga vil bli om lag som Statistisk sentralbyrå sine prognosar (årslønsvekst på 3,25 % med ein sikkerheitsmargin på 0,5 %).

Utvikling av løns- og pensjonsutgiftene blir omtala i kap. 2.4.6.

Rådmannen vil som tidlegare år fremje si meining om at det ikkje lenger er forsvarleg for kommunal sektor å oppretthalde ordninga med ytingsbasert pensjon for dei tilsette. Rådmannen meiner kommunestyret skal be KS arbeide for overgang til innskottsbaserte løysingar.

Renteprognoane frå SSB er grunnlaget for budsjetterte finansinntekter og -kostnader, med ein sikkerheitsmargin på 0,25 %. Slik kommunen i dag er finansiert, er rentenivået relativt uvesentleg for styringa av kommunen sin økonomi, då ein har tilsvarende innskottsbeløp som lån i bank (utanom sjølvkostområda). Netto gjeld vil i økonomiplanperioden (eks. sjølvskostområda) auke vesentleg, i takt med utbygging av nytt helsetun.

Kraftprisen er budsjettert i samsvar med NASDAQ sin prognose for planperioden og prisen på kraft med fast pris i 4 år. Det er lagt opp til stabile inntekter framover, med kraftpris på 35 øre per kWh. Og det er lagt opp til at denne prisen er fast for 2019-2022, med årleg regulering av forventningsnivået. Det er gjennomført prissikring for 2019 av krafta, tilsvarende 27,8 GWh eller ca. 55 % til fast pris på 40,5 øre kWh.

1.2.3 Strukturendringar og regionalt samarbeid

Øystre Slidre kommune har bidrege til etablering av eit mangfald av regionale samarbeidsløysingar innan dei fleste sektorane.

Rådmannen er svært betenkt på at omlegginga av inntektssystemet gjer det vanskelig å oppretthalde den etablerte tenestestrukturen i distriktskommunane, særleg i Sør-Noreg. Dette medfører at kommunane må gjere eit val mellom å redusere tenestenivået i ei epoke med auka behov innan fleire sårbare sektorarar, eller ha ei årleg auke i eigedomsskatten i eit område av landet der bustads- og næringsseigedomar ikkje har god verdiutvikling.

Distrikt som Valdres – og kommunar som vår – treng sårt arbeidskraft både i privat og offentleg sektor. Redusert tenestenivå eller auka skattelegging er ikkje ein farbar veg over tid for å bygge eit berekraftig samfunn.

1.2.4 Nytt inntektssystem for kommunane

Ved handsaminga av kommuneproposisjonen for 2017 gav Stortinget si tilslutning til regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Storleiken på statlege overføringar vil bli påverka av dette i tida framover. Det er forventa at det blir ei gradvis innfasing av effekten av dette i økonomiplanperioden. Her er ei kort oversikt over dei viktigaste endringane og verknadar for vår kommune:

Tabell 1-3 Verknader av nytt inntektssystem

Tiltak	Verknad for vår kommune
Endringar i kostnadsnøklane – befolkning, levekår, reiseavstand og andre strukturelle forhold – distriktsindikator	Negativ
Nytt busetnadskriterium for reiseavstand (strukturkriteriet) for å differensiere mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper	Negativ, ØSK er i «frivillig-gruppa».
Regionalpolitiske tilskot. Endring av småkommunetilskott etter distriktsindeks.	ØSK ikkje kommune som får småkommunetilskott (3 200 innbyggjarar).
For distriktstilskott Sør-Norge er endringa at det er meir i retning av fordeling per innbyggjar og mindre per kommune	Negativ då vi med 3 222 innbyggjarar er av dei minste i ordninga med distriktstilskott Sør-Norge
Tilskotsordning til mellomstore kommunar som slår seg saman og dermed utgjør eit sterkare tyngdepunkt i sin region.	Negativ da finansieringa er av hovudpotten til kommunane
Veksttilskott til kommunar som har gjennomsnittlig årleg vekst i innbyggjarar på over 1,5 % dei siste tre år, endra til 1,4 % i 2017.	Negativ, sjølv med jamn auke i befolkninga er 1,4 % meir enn 40 i året i snitt.

Verknader for 2019-2022

Endringa ser ut til å gjere at inntektene frå rammetilskott vil gå ned med mellom 2 og 3 millionar kroner kvart år.

Kommunen kan også redusere aktiviteten både innan næringsutvikling og tenesteapparatet.

Med bakgrunn i dei vedtekne måla og ambisjonsnivået som kommunestyret har lagt opp til, er det i økonomiplanen lagt opp til ei løysing der næringsdelen frysast til eit kronebeløp.

1.3 Økonomisk status i 2018

1.3.1 Prognose for drifta i 2018

Prognose per november 2018 viser at kommunen ligg an til eit netto driftsresultat som er 6 mill. kroner betre enn revidert driftsbudsjett. Om dette blir det endelege resultatet, vil netto driftsresultat for 2018 ende på 13,5 mill. kr. Dette avheng m.a. av utvikling av kraft- og skatteinntektene for november og desember.

Kraftforvaltninga kan synast å få eitt godt resultat på grunn av høg kraftpris i 2018. Opprinneleg budsjett var basert på kraftpris på 27,5 øre per kWh på årsbasis. Budsjetterte salsinntekter vart justert opp med 2 mill. kr i samband med budsjettendring juni 2018. Prognosert kraftpris per kWh for 2018 er 40 øre.

Finansforvaltninga ligg samla sett i takt med budsjettet for 2018.

Lønsbudsjettet (løn, pensjon og refusjon sjukelønn) er prognostisert med eit netto mindreforbruk på om lag 0,5 mill. kr. Dette i hovudsak på grunn av ekstraordinære vakansar i fleire område i kommunen, samt mindre behov for bemanning i helse- og omsorgstenestene enn det som er føresett i budsjettet for 2018.

2 Årsbudsjett og økonomiplan

2.1 Resultat

Sum driftsinntekter eks. momskompensasjon for 2019 er anslått til 312,3 mill. kr. Dette er ei auke på 9,3 mill. kr eller 3,1 % i forhold til budsjetterte inntekter for 2018.

Driftsutgiftene er budsjettert med 308 mill. kr, ei auke på 23 mill. kr (8 %) i forhold til budsjetterte driftsutgifter for 2018.

Kommunelova set som krav til årsbudsjettet at budsjettert brutto driftsresultat skal vera tilstrekkeleg til minst å dekkje renter, avdrag og pliktige avsetjingar.

I budsjettet for 2019 er **brutto driftsresultat på 4,4 mill. kr.**

Netto driftsresultat i årsbudsjettet for 2019 er negativt med 4,4 mill. kr. Rekneskapsmessig resultat innan sjølvkostområdet vatn og avløp er inkludert i dette resultatet. Dette viser underskott på 4,9 mill. som blir dekkka av bunde driftsfond (sjølvkostfond). Netto resultat utanom sjølvkostområdet for 2019 er følgjeleg positivt med 0,5 mill. kroner.

Årsbudsjettet for 2019 tar høgde for ei inntekt frå eigedomsskatt på 22 mill. kr. Av dette er 12 mill. avsett til næringstiltak m.m. (sjå kap. 10.7).

2.2 Økonomiske hovudoversikter

2.2.1 Økonomisk oversikt drift

Tabell 2-1 Netto driftsresultat eks. sjølvkostområda i økonomiplanperioden – i mill. kr

Netto resultat eks. VAR	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Sum driftsinntekter eks. VAR	279	283	293	294	295	296
Sum driftsutgifter eks. VAR	282	266	289	285	285	285
Netto finans eks. VAR	3	5	3,5	6	8	8
Netto driftsresultat	-6	12	0,5	3	2	3
Netto driftsresultat i %	-2,2 %	4,2 %	1,7 %	2,7 %	0,7%	1,0%

Tabell 2-2 Hovudoversikt drift (beløp i 1000 kr)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	11 291	10 785	11 417	11 417	11 417	11 417
Andre salgs- og leieinntekter	52 183	45 889	45 402	45 402	46 402	46 902
Overføringer med krav til motytelse	24 288	12 641	14 617	14 617	14 617	14 617
Rammetilskudd	99 522	97 000	101 300	101 300	101 300	101 300
Andre statlige overføringer	14 019	9 808	7 485	7 485	7 485	6 885
Andre overføringer	1 649	9 091	12 091	12 091	12 091	12 091
Skatt på inntekt og formue	88 952	93 200	95 400	95 400	95 400	95 400
Eiendomsskatt	2 022	21 000	22 000	23 000	24 000	25 000
Andre direkte og indirekte skatter	5 025	3 600	3 600	3 600	3 600	3 600
Sum driftsinntekter	298 949	303 014	313 312	314 312	316 312	317 212
Driftsutgifter						

Lønnsutgifter	148 469	146 791	155 720	155 715	155 720	155 715
Sosiale utgifter	28 460	29 445	31 142	31 142	31 142	31 142
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	41 735	40 014	42 128	41 253	41 078	41 013
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	47 346	51 307	56 346	55 856	55 916	55 866
Overføringer	24 685	18 914	24 362	21 622	22 172	21 572
Avskrivninger	17 138	-	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-2 592	-1 240	-1 765	-1 765	-1 765	-1 765
Sum driftsutgifter	305 242	285 231	307 933	303 823	304 263	303 543
Brutto driftsresultat	-6 293	17 783	5 380	10 490	12 050	13 670
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	5 518	5 060	5 230	5 230	5 230	5 230
Mottatte avdrag på utlån	45	130	50	50	50	50
Sum eksterne finansinntekter	5 563	5 190	5 280	5 280	5 280	5 280
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	2 965	4 875	5 040	6 040	7 040	7 040
Avdrag på lån	9 301	10 500	10 000	11 500	13 000	13 000
Sum eksterne finansutgifter	12 266	15 375	15 040	17 540	20 040	20 040
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 703	-10 185	-9 760	-12 260	-14 760	-14 760
Motpost avskrivninger	17 138	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	4 143	7 598	-4 381	-1 771	-2 711	-1 091
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	10 432	11 916	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	11 989	6 383	11 446	8 794	10 359	9 326
Bruk av bundne fond	4 825	6 660	8 576	8 618	7 993	9 004
Sum bruk av avsetninger	27 246	24 959	20 022	17 412	18 352	18 330
Overført til investeringsregnskapet	20	-	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	10 432	28 916	12 000	12 000	12 000	13 599
Avsatt til bundne fond	9 020	3 641	3 641	3 641	3 641	3 641
Sum avsetninger	19 472	32 557	15 641	15 641	15 641	17 240
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	11 916	-	-	-	-	-

2.2.2 Økonomisk oversikt investering

Tabell 2-3 Hovudoversikt investering (beløp i 1000 kr)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 117	500	500	500	500	500
Andre salgsinntekter	-	11 804	10 000	12 000	10 000	8 000
Overføringer med krav til motytelse	10	4 500	7 100	92 200	400	-
Kompensasjon for merverdiavgift	4 825	22 500	33 510	22 972	1 090	900
Statlige overføringer	250	-	-	-	-	-
Andre overføringer	961	-	-	-	-	-
Sum inntekter	7 162	39 304	51 110	127 672	11 990	9 400

Utgifter						
Lønnsutgifter	48	-	-	-	-	-
Sosiale utgifter	5	-	-	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	47 678	184 600	203 550	154 860	44 450	41 500
Overføringer	4 940	-	-	-	-	-
Renteutgifter og omkostninger	-	2 000	1 000	1 000	-	-
Fordelte utgifter	-356	-	-	-	-	-
Sum utgifter	52 316	186 600	205 550	155 860	44 450	41 500
Finansransaksjoner						
Avdrag på lån	106	500	500	91 000	500	500
Utlån	190	-	-	-	-	-
Kjøp av aksjer og andeler	759	600	600	600	600	600
Avsatt til ubundne investeringsfond	1 286	500	500	500	500	500
Sum finansieringstransaksjoner	2 341	1 600	1 600	92 100	1 600	1 600
Finansieringsbehov	47 495	148 896	156 040	120 288	34 060	33 700
Dekket slik:						
Bruk av lån	46 317	102 796	136 640	114 428	28 810	28 200
Mottatte avdrag på utlån	392	500	500	500	500	500
Overført fra driftsregnskapet	20	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	765	45 100	18 400	4 860	4 250	4 500
Bruk av ubundne investeringsfond	-	500	500	500	500	500
Sum finansiering	47 495	148 896	156 040	120 288	34 060	33 700
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-	-

2.3 Organisasjon

2.3.1 Stillingsramme

Tabell 2-4 Stillingsramme på områdenivå


Område	2019	2018	Endring
1 - Sentrale politiske og adm. styringsorgan	17,5	17,0	0,5
2 - Læring og kultur	103,0	100,1	2,9
3 - Helse og omsorg	100,6	98,6	2,0
4 - Teknisk drift	23,5	23,5	0,1
5 - Næring og bygg	7,1	8,1	-1,0
Totalt	251,8	247,4	4,4
210 - Lærlingverksemda	6,0	5,4	0,6

2.3.2 Utvikling i årsverk


Tabell 2-5 Utvikling i årsverk på verksemdsnivå (utanom læringverksemda)

Avdeling	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Felles område 1, 4 og 5 (Tidl. sentraladm. og KUN)										
Administrativ leiding	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	2,4	2,4	2,4	2,4	2,4
Sentraladministrasjon	4,8	4,8	4,8	-	-	-	-	-	-	-
Kommunekasse	5,0	5,9	5,0	-	-	-	-	-	-	-
Stab	-	-	-	9,4	10,2	9,6	9,3	9,4	10,3	10,9
Administrasjon KUN	2,8	2,8	2,8	-	-	-	-	-	-	-
Plan og bygg	6,6	6,2	6,3	-	-	-	-	-	-	-
Næring og miljø	3,0	3,0	3,0	-	-	-	-	-	-	-
Næring og byggesak	-	-	-	7,1	6,9	6,8	7,1	7,1	8,1	7,1
Planavd	-	-	-	6,0	6,6	5,2	5,1	4,4	4,3	4,2
Brannvern	1,0	1,0	1,0	-	-	-	-	-	-	-
Kommunale bygg	15,9	17,2	17,0	-	-	-	-	-	-	-
Utbygging og drift	8,0	7,0	7,0	-	-	-	-	-	-	-
Teknisk drift	-	-	-	24,7	25,1	24,0	25,5	25,6	23,5	23,5
Totalt	48,1	48,9	47,9	48,2	49,8	47,9	49,4	48,9	48,6	48,1
Område 2 – Opplæring og kultur										
Administrasjon SB	2,6	2,6	2,4	1,8	1,0	2,0	2,0	2,0	1,0	1,0
BHSS (+ logoped til 2011)	3,0	2,9	2,2	2,0	2,0	2,0	2,2	2,2	2,2	3,0
Barnehage	28,6	29,3	28,9	-	-	-	-	-	-	-
Rogne barnehage	-	-	-	10,9	11,0	11,5	13,5	11,0	13,1	15,6
Tingvang barnehage	-	-	-	10,5	9,2	9,6	5,3	8,6	9,1	7,5
Beito barnehage	-	-	-	9,8	10,3	10,1	9,7	8,7	8,7	10,0
SFO	1,2	0,9	1,2	-	-	-	-	-	-	-
Grunnskule	48,9	49,7	51,1	-	-	-	-	-	-	-
ØSUS	-	-	-	18,6	17,5	17,2	17,7	20,2	19,9	20,1
Rogne skule inkl. SFO	-	-	-	17,5	16,5	17,4	16,9	16,4	18,0	18,6
Lidar skule inkl. SFO	-	-	-	19,0	19,1	17,4	17,9	18,2	19,0	18,7
Kultur	2,1	2,2	2,2	-	-	-	-	-	-	-
Kulturskule	3,8	3,1	3,6	-	-	-	-	-	-	-
Kultur	-	-	-	6,5	6,6	7,0	7,3	7,1	7,4	7,3
Vaksenopplæring	0,2	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Flyktningteneste	-	-	-	-	-	-	-	1,8	1,8	1,4
Totalt	90,5	90,7	91,6	96,6	93,2	94,2	92,5	96,2	100,2	103,0
Område 3 - Helse og omsorg										
Administrasjon HV	2,8	3,4	2,8	1,8	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Systemkontor	-	-	1,0	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	2,2	2,2
Barnevern	1,7	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sjukeheimen	41,5	41,7	42,3	-	-	-	-	-	-	-
Heimetenesta	25,7	26,3	27,6	-	-	-	-	-	-	-
IHT	-	-	-	66,8	66,7	63,8	59,7	59,9	60,2	61,2
Arbeid/aktivitet	5,6	5,6	5,6	-	-	-	-	-	-	-
Helseavdelinga	7,7	8,2	8,2	17,2	18,6	18,8	18,8	19,8	19,8	19,9
Miljøtenesta	15,5	16,4	16,3	16,5	16,3	17,8	18,3	17,0	15,4	16,3
NAV	1,7	1,5	-	-	-	-	-	-	-	-
Totalt	102,2	103,1	103,8	104,1	104,4	103,1	99,6	99,5	98,6	100,6
SUM	240,8	242,7	243,3	248,9	247,4	245,3	241,5	244,5	247,4	251,8

Figur 2-1 Utvikling i årsverk 2010-2019



Figur 2-2 Relativ utvikling i årsverk. Gjennomsnittet for perioden 2010–2014 er sett lik 100



2.4 Driftsbudsjettet - 2019

2.4.1 Generelt

Vesentlige delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognosar og vurderingar:

1. Økonomiske resultat i flyktningtenesta blir omtala i kap. 7.5.5
2. Løn og pensjon blir omtala i kap. 2.4.6.
 - a. Pensjonsutgiftene er basert på prognosar utarbeidd av Statens Pensjonskasse og KLP
 - b. Lønsvikling er basert på SSB sine prognosar.
3. Interkommunale tenester

- a. Budsjettet er basert på budsjettframlegg frå vertskommunar
- 4. Skatteanslaget for 2019 blir omtala i kap. 2.4.2.
 - a. Skatteanslaget for 2019 er basert på prognosar framlagt i forslag til statsbudsjett for 2019.
- 5. Rammetilskott og statstilskott for 2019
 - a. Basert på framlagt forslag til statsbudsjett for 2019
- 6. Kraftinntekter i 2019 blir omtala i kap. 2.4.3.
 - a. Kraftprisen er basert på prognosar frå kraftforvaltar Axpo Nordic A/S

Tabell 2-6 Endringar i nettoutgiftene per verksemd i kr og i % (i 1000 kr)

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endring i %	Regnskap 2017
1 Sentrale politiske og adm styringsorg					
10 POLITISK LEIING	2 667	2 482	185	7	2 279
11 ADM. LEIING OG FELLESTENESTER	5 347	4 803	545	11	5 478
12 STAB	7 917	8 065	-148	-2	5 825
15 PLAN	4 503	3 199	1 304	41	3 678
Sum 1 Sentrale politiske og adm styringsorg	20 434	18 549	1 886	10	17 259
2 Opplæring og Kultur					
20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	10 910	8 680	2 230	26	6 909
21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	15 852	14 588	1 264	9	13 610
22 ROGNE SKULE	13 601	12 737	864	7	11 367
23 LIDAR SKULE	14 250	14 640	-390	-3	12 771
25 TINGVANG BARNEHAGE	3 607	4 425	-818	-18	4 112
26 ROGNE BARNEHAGE	7 803	6 389	1 414	22	5 845
27 BEITO BARNEHAGE	4 984	4 198	786	19	3 955
28 FLYKTNINGTENESTER	-801	-2 151	1 350	-63	-2 931
29 KULTUR	10 001	10 123	-122	-1	9 437
Sum 2 Opplæring og Kultur	80 207	73 629	6 578	9	65 077
3 Helse og Omsorg					
30 HELSE OG OMSORG FELLES	6 528	6 057	471	8	5 318
31 HELSETENESTA	17 393	16 726	668	4	15 909
33 SOSIALE TENESTER	11 951	10 045	1 906	19	11 493
36 IHT	48 151	45 305	2 846	6	44 446
39 MILJØTENESTA	13 829	13 079	750	6	12 474
Sum 3 Helse og Omsorg	97 852	91 212	6 640	7	89 639
Sum 4 Tekniske tenester	18 748	17 738	1 010	6	20 706
Sum 5 Næring og byggesak	2 414	3 314	-900	-27	4 607
8 Kraft- og finansforvaltning					
80 KRAFTFORVALTNING	-14 404	-13 414	-990	7	-10 282
81 FINANSFORVALTNING	11 980	12 485	-505	-4	9 124
Sum 8 Kraft- og finansforvaltning	-2 424	-929	-1 495	161	-1 158
9 Frie inntekter og finanstransaksjonar					
90 SKATT OG RAMMETILSKOTT MM	-219 500	-212 000	-7 500	4	-191 871

95 FOND OG AVSKRIVNINGAR	2 270	8 488	-6 219	-73	-4 259
Sum 9 Frie inntekter og finanstransaksjonar	-217 231	-203 512	-13 719	7	-196 130
TOTALT	-	-	-	0	-

2.4.2 Frie inntekter, rammetilskott og skatteinntekter

Anslag rammetilskott og inntekts- og formueskatt for Øystre Slidre kommune for 2019 er 196,7 mill. kr. Av dette er det lagt til grunn 95,4 mill. i skatteinntekter (inkl. skatteutjamning og naturressursskatt).

For skatteinngangen har kommunen vald å legge til grunn prognosen som ligg i forslaget til statsbudsjett. Kommunen sine frie inntekter har her ein vekst på 3,4 % frå 2018 til 2019.

Innan frie inntekter er det budsjettert med 22 mill. kr i eigedomsskatt for 2019. Budsjettering og bruk av inntekter frå eigedomsskatt er omtala i kap. 2.4.5 og kap. 10.7.

2.4.3 Kraftinntekter

Øystre Slidre kommune disponerer ei kraftmengde på 54,5 GWh. Om lag 5 GWh av krafta blir brukt i eigne bygg. Resten av krafta er i 2019 føresett omsett på Nord Pool gjennom forvaltningsavtale med ekstern forvaltar.

I budsjett/økonomiplan er det lagt til grunn ein marknadspris på 35,0 øre per kWh.

Øystre Slidre kommune har renteberande ansvarleg lån på 20 mill. kr i Valdres Energi AS og på 4,9 mill. i Eidsiva Energi AS.

Det er budsjettert med 2,0 mill. kr i utbytte frå kraftselskap.

2.4.4 Andre inntekter

Det er budsjettert med 3,6 mill. kr i årlege inntekter av konsesjonsavgifter. Disse inntektene er føresett brukt til delfinansiering av avdrag.

2.4.5 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt på verk og bruk er budsjettert med 22 mill. kr i 2019, som fordeler seg på 1,0 mill. frå verk og bruk og 21,0 mill. frå til eigedomsskatt på bustader, fritidsbustader/hytte og næringsseigdomar.

2.4.6 Lønskostnader

Til grunn for budsjettet ligg ein årslønnsvekst frå 2018 til 2019 på 3,25 %, med ein sikkerheitsmargin på 0,5 %.

I budsjettet for 2019 er pensjonsutgiftene budsjettert i samsvar med prognosar frå KLP/Statens pensjonskasse. Netto premieavvik for 2019 er 5,0 mill. kr, mot 4,5 mill. i budsjettet for 2018.

Samla pensjonsutgifter i driftsbudsjettet for 2019 er på 18,3 mill. kr (2018: 17,4 mill. kr).

2.5 Investeringar

Det er oppført investeringar med brutto finansieringsbehov på 196,6 mill. kr i 2019. Dette fordeler seg med 147 mill. til utbygging av forbruk i 2019 til nytt helsetun, 28 mill. til prosjekt innan innan vatn- og avløpsområdet og 22,5 mill. kr til anna kommunal verksemd. Vi viser elles til

Tabell 2-7 nedanfor.

Kommentarer til prosjekta er oppført i Vedlegg II: Skildring av investeringsprosjekt 2019-2022.

Tabell 2-7 Investeringsbudsjett (i 1000 kr)

Nr	Prosjekt	2018		Økonomiplan 2019-2022				B19-22 Sum
		Budsj.	Prog.	2019	2020	2021	2022	
129	Andelsinnskott KLP	600	811	600	600	600	600	2 400
131	Lån -ekstraord avdrag	500	500	500	91 000	500	500	92 500
238	ØSUS ventilasjon -rehabilitering	1 400	1 400	-				0
194	Digitalisering egedomsarkiv	300	-	1 500				1 500
600	Ø Slidre Helsetun 285 mill. brto(18-22)	100 000	30 000	147 000	108 000	-		255 000
435	Bustad Brennebakkin	6 000	1 600	5 000				5 000
380	Bil - Helse og omsorg	300	291	950	-			950
392	Volbu Bru	-	-	500	2 000			2 500
NY	Dale Bru					1 200		1 200
394	Bustad Moavegen 1	-	1 100					0
603	Ungdomsklubb-nybygg	4 700	5 400	-				0
976	Skatepark samordna med prosj 603	300	0	0				0
NY	Lydkåk -netto 600'			2 200				2 200
NY	Uteområde ungdomshus/ØSUS		0	1 600				1 600
240	Gamle Rogne kaldtlager	250	950	0				0
241	Gamle Rogne uteområde	250	0	0				0
605	Dalsvegen (VA-Lidar Sælid) oppstart 2017	1 000	4400	0				0
404	Gang og sykkelveg BHSS- Nordheimvegen	5 000	2 000	3 000	0	0		3 000
405	Asfaltering av komm. vegar	800	925	0	2 200	2 250	2 000	6 450
	Friområde Klyppemyrhaugen				660			660
607	Oppmålingsutstyr		186					
510	Kjøp av tomt - Skammestein	450	309					
NY	Skibru Beitestølsvegen	0	0	4 500	0	0	0	4 500
439	Tiltak Beitost. Sentrum	0	0		2 000	2 000	2 500	6 500
NY	Lidar skule - tilknytning avløp		0	800				800
NY	Lidar skule - veg/parkering		0	500				500
	Delsum invest eks. VA	121 850	49 872	168 650	206 460	6 550	5 600	387 260
558	VA Lidar -Sælid (Nordtorp-Sælid i -18)	20 000	20 000	1 000				1 000
548	Nordtorp Sælid							
549	VA Kjøk - Nordtorp							
567	VA Sælid -Furustrand			4 000	9 000			13 000
561	VA Nedrefoss -biotriinn	4 000	0	0				0
556	VA Ringledning Robøle	6 000	1 000	7 000				7 000
604	Ole VV utv behandlingsanlegg	7 000	0	7 000	13 000			20 000
504	Ole VV inntaksledning	2 000	0	2 000				2 000
501	VA Tåbakke- Lykkjehøgda	4 000	0		4 000			4 000
502	VA Åbakkin	1 000	0		1 000			1 000
503	VA Gullbakkvegen	4 000	0	4 000				4 000
505	VA Storefoss - Nedrefoss	2 000	0	4 000	6 000			10 000
606	VA Kollstad Tvengivegen	0	0		3 000	3 000		6 000
575	Kulvert overvatn Arnold/skiheis	5 000	11 000	0				0
506	VA Bergojordet	7 000	3 000	4 000				4 000
509	Kjøp av slambil	350	350					0

559	VA Yddin	3 500	0					
NY	VA Kolleberg			2 000	2 000			4 000
NY	Sanering av separate avløpsanlegg			3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
NY	VA Bokkemyrbråten - Milo					14 000		14 000
NY	VA Mellsenn - Kveno					12 000	13 000	25 000
NY	Behandlingsanlegg og Kollstad vv					7 000	7 000	14 000
NY	VA Milo - Rolandsgarden			0	0		14 000	14 000
3652	Tilknytingsavgifter VA	-3 914	-7 000	-10 000	-12 000	-10 000	-8 000	-40 000
Delsum VA		61 936	28 350	28 000	29 000	29 000	29 000	115 000
Sum		183 786	78 222	196 650	235 460	35 550	34 600	502 260
3548	Avsetn til ubunden invest. fond	500	500	500	500	500	500	2 000
Sum finansieringsbehov		184 286	78 722	197 150	235 960	36 050	35 100	504 260

2.5.1 Finansiering av investeringane

Tabell 2-8 Finansiering av investeringane (i 1000 kr)

Nr	Prosjekt	2018		Økonomiplan 2019-202				B19-22 Sum
		Budsj.	Prog.	2019	2020	2021	2022	
3670	Sal av eigedomar/tomter	-500	-600	-500	-500	-500	-500	-2 000
3670	Sal til VBR IKS	-7 890	-7 890					0
3700	Tilskott Lydkåk			-1 600				-1 600
3700	Refusjon frå private/husbanken	-2 000	-2 000	-2 000	-91 800			-93 800
3920	Mottatte avdrag	-500	-1 300	-500	-500	-500	-500	-2 000
3730	Oppland Fylke/vegvesen	-2 500	0		0			0
3770	Ref. frå private (gangbru 2019)	0	-700	-3 500	-400	-400	0	-4 300
3940	Bruk av disp.fond	-39 300	-15 000	-17 400	0	0	0	-17 400
3941	Bruk av disp fond e-skatt	-4 800	-5 800	-1 000	-4 860	-4 250	-4 500	-14 610
3948	Bruk ubunde invest fond	-500	-500	-500	-500	-500	-500	-2 000
3970	Momskomp invest	-23 500	-9 650	-33 510	-22 972	-1 090	-900	-58 472
3910	Lån VA	-61 936	-28 350	-28 000	-29 000	-29 000	-29 000	-115 000
3910	Lån anna	-40 860	-6 932	-108 640	-85 428	190	800	-193 078
Sum finansiering		-84 286	-78 722	-197 150	-235 960	-36 050	-35 100	-504 260
	nye lån	-102 796	-35 282	-136 640	-114 428	-28 810	-28 200	-308 078
	Rentesats	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	
	Årleg rente	2 055	706	2 732	2 289	576	564	

2.6 Lånegjeld

Kommunestyret har i gjeldande handlingsregel vedteke som mål at lånegjelda skal liggje under 40 % av brutto driftsinntekter siste rekneskapsår, eks. inntekter frå sjølvkostområde innan vatn og avløp. Det er lagt til grunn at inntekter ved sal av bustadtomter skal disponerast til ekstraordinær nedbetaling av lånegjelda.

Tabell 2-9 Utvikling av lånegjeld (i 1000 kr)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brutto lånegjeld per 1.1.	174 500	183 800	249 160	273 160	399 800	412 200	428 010
ordinære avdrag	-9 620	-9 400	-11 000	-10 000	-11 500	-13 000	-13 000
ekstraord avdrag	0	0	0	0	-90 500	0	0
nye lån	18 920	74 760	35 000	136 640	114 400	28 810	28 200
Brutto lånegjeld per 31.12.	183 800	249 160	273 160	399 800	412 200	428 010	443 210
Lånegjeld eks. VA	107 900	114 200	116 160	237 000	342 000	330 000	325 000
Lånegjeld eks. VA og lån med rentekomp. Husbanken	63 700	72 000	80 000	200 000	310 000	290 000	280 000
Driftsinntekter	290 345	298 948	303 014	312 312	314 312	316 312	317 212
Rentekompensasjon	-802	-800	- 800	- 800	- 800	- 800	-800
Inntekter VAR sjølvkost	-27 021	-26 066	-25 158	-25 129	-26 129	-27 129	-27 629
Korrigert driftsinntekt	262 522	272 082	277 056	286 406	287 383	288 383	288 783
Brutto lånegjeld per innb. (3 248 innb i heile 1000 kr)	56	76	84	123	127	132	136
Lånegjeld ekskl. VA i % av inntekt	41 %	42 %	42 %	82 %	119 %	114 %	112 %
Brutto lånegjeld i % av brutto inntekter	70 %	91 %	98 %	127 %	131 %	135 %	139 %
<i>Handlingsregel eks. VAR</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>

2.7 Finansielle utgifter

Som grunnlag for berekning av finansielle utgifter er det lagt til grunn ei innlånsrente på 2 % i perioden 2019-2022.

Tabell 2-10 Finanspostar (tal i 1000 kr)


Finansinntekter og -utgifter	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
RENTEUTGIFTER	2 965	4 875	5 040	6 040	7 040	7 040
AVDRAG LÅN	9 301	10 500	10 000	11 500	13 000	13 000
Sum finansutgifter	12 266	15 375	15 040	17 540	20 040	20 040
RENTEINNTEKTER	-3 282	-2 870	-3 040	-3 040	-3 040	-3 040
MORARENTER	-26	-20	-20	-20	-20	-20
UTBYTTE FRÅ SELSKAPER	-2 210	-2 170	-2 170	-2 170	-2 170	-2 170
MOTTATTE AVDRAG UTLÅN	-45	-130	-50	-50	-50	-50
Sum finansinntekter	-5 563	-5 190	-5 280	-5 280	-5 280	-5 280
Netto finans	6 703	10 185	9 760	12 260	14 760	14 760

2.8 Fond – avsetjing og bruk

Kommunestyret har fastsett mål om at disposisjonsfondet skal vera minimum 17,5 % av brutto driftsinntekter. Dette målet er nådd i heile økonomiplanperioden.

Sjølvkostberekning viser at drifta innan vatn og avløp frå og 2014 samla har gått med overskott (inndekningsgrad over 100 %). Budsjettframlegget for 2019 viser ein inndekningsgrad på 72,6 % og 77,7 % for høvesvis vatn- og avløpsområdet, noko som resulterer i 4 657 000 kroner i bruk av sjølvkostfondet til inndekning.

Figur 2-3 Utvikling sjølvkostfond VA (i 1000 kr)



Figuren over viser utvikling av sjølvkostfond (overskottsfond) innan vatn og avløp i perioden frå 2005 til 2022. Utvikling frå 2019 og utover vil vere avhengig av framtidige vedtak om utbyggingar, men økonomiplanen legg opp til sjølvkostfondet vil bli redusert vesentleg i perioden. Det kan synast som at kommunen er godt rusta for å gjennomføre drifts- og investeringstiltak innan vatn- og avløpsområdet i perioden.

I sak 52/15 gjorde formannskapet vedtak om iverksetting av arbeid med planprogram for kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp (VVA-plan).

Vi viser elles til investeringsbudsjettet for perioden 2019-2022 (kap. 2.5).

Tabell 2-11 Oversikt over fond - avsetjing og bruk (i heile 1000 kr)

	Regnskap 2017	Prrog 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Disposisjonsfond 1.1.	68 079	65 757	69 890	52 044	50 484	47 934
Avsett i drift	10 432	28 916	12 000	12 000	12 000	13 599
Bruk i drift	-11 989	-9 783	-11 446	-8700	-10 300	-9 300
Bruk i investering	-765	-15 000	-18 400	-4 860	-4 250	-4 500
Netto endring	-2 322	4 133	-17 846	-1 560	-2 550	-201
Sum disposisjonsfond per 31.12.	65 757	69 890	52 044	50 484	47 934	47 733
Bundne driftsfond 1.1.	17 988	22 184	19 165	14 230	9 253	4 901
Avsett i drift	9 020	3 641	3 641	3 641	3 641	3 641
Bruk i drift	-4 824	-6 660	-8 576	-8 618	-7 993	-9 004
Netto endring	4 196	-3 019	-4 935	-4 977	-4 352	-5 363
Sum bundne driftsfond per 31.12.	22 184	19 165	14 230	9 253	4 901	-462

Herav; Sjølvkostfond VA 1.1	6 172	12 344	11 392	8 324	3 936	756
Avsett i drift	6 172					
Bruk i drift	0	-952	-3 068	-4 388	-3 180	-2 271
Netto endring	6 172	-952	-3 068	-4 388	-3 180	-2 271
Sum sjølvkostfond for VA per 31.12.	12 344	11 392	8 324	3 936	756	-1 515
Ubundne inv.fond 1.1	8 981	10 267	10 267	10 267	10 267	10 267
Avsett	1 286	500	500	500	500	500
Bruk	0	-500	-500	-500	-500	-500
Netto endring	0	0	0	0	0	0
Sum ubunde investeringsfond per 31.12	10 267	10 267	10 267	10 267	10 267	10 267
Totalt 31.12.	98 208	89 282	66 901	60 364	53 462	47 898

3 Interkommunalt samarbeid

Øystre Slidre kommune er deltakarkommune i interkommunale samarbeid på mange tenesteområde. Nord-Aurdal kommune er vertskommune for dei fleste av desse tenestene. Andre tenester er organisert etter kommunelova § 27 og § 28, eller som IKS/AS.

Øystre Slidre kommune sin andel av tenestene der Nord-Aurdal kommune er vertskommune utgjer i framlagt budsjettforslag samla 12 193 000 kr. Interkommunale tenester blir omtala i denne økonomiplanen i kapitla til relevante område.

Tabell 3-1 Øystre Slidre kommune sin andel av vertskommunesamarbeid Nord-Aurdal

Teneste	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatteoppkrevjar	628 000	656 000
PP -logoped	1 430 000	1 480 000
Jordmor	310 000	397 000
Legevakt	2 487 000	2 723 000
NAV	2 516 000	2 494 000
Barnevern	1 886 000	1 962 000
VLMS intermed.	2 798 000	2 864 000
VLMS reinhald etc.	716 000	716 000
Vertskommune NAK	12 771 000	13 292 000

Tabell 3-2 Døme på andre vertskommunesamarbeid

Teneste	Vertskommune	Budsjett 2019
VGIS	Vang kommune	422 000
Innkjøpskoordinator	Sør Aurdal kommune	146 000
Visit Valdres		720 000
Sum		1 288 000

Andre døme på kjøp frå vertskommunesamarbeid er: Krisesenter (Ringerike kommune), Kommunepsykolog (V Slidre) og Alarmsentral (Hamar)

4 Politisk og administrativ leiing

4.1 Stillingsramme

Tabell 4-1 Stillingsramme politisk og administrativ leiing

Verksemd	2019	2018	Endring
10 - Administrativ leiing	2,4	2,4	0,0
12 - Stab	10,9	10,3	0,6
15 - Plan	4,2	4,3	-0,1
Totalt	17,5	17,0	0,5

Tabell 4-2 Stillingsramme administrativ leiing

Stilling	2019	2018	Endring	Merknad
Rådmann	1,0	1,0	0,0	
Økonomisjef	1,0	1,0	0,0	
Beredskapsmedarbeidar	0,4	0,4	0,0	
Totalt	2,4	2,4	0,0	

4.2 Økonomiske hovudtal

Tabell 4-3 Økonomiske hovudtal politisk og administrativ leiing

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
POLITISK LEIING			
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	1 724 000	1 646 000	1 796 912
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	381 000	344 000	400 480
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	170 000	100 000	16 694
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	25 000	25 000	1 112
14 OVERFØRINGAR	367 000	367 000	110 683
Sum utgifter	2 667 000	2 482 000	2 325 881
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-26 352
17 REFUSJONER	-	-	-20 319
Sum inntekter	-	-	-46 671
Sum 10 POLITISK LEIING	2 667 000	2 482 000	2 279 210
ADM. LEIING OG FELLESTENESTER			
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 486 000	2 714 000	2 459 391
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 000 000	934 500	1 082 440
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	259 000	437 000	1 573 591
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	620 000	750 000	622 347
14 OVERFØRINGAR	-	-	486 211
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	40
Sum utgifter	5 365 000	4 835 500	6 224 021
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-240 676
17 REFUSJONER	-18 000	-33 000	-505 608
Sum inntekter	-18 000	-33 000	-746 285
Sum 11 ADM. LEIING OG FELLESTENESTER	5 347 000	4 802 500	5 477 737

Budsjettet tek høgde for utgifter til valavvikling i 2019, elles er budsjettet basert på vidareføring av dagens drift med tillegg for reservert løyving til formannskapet: 300 000 kr.

4.2.1 Beredskap

Det er ikkje gjort endringar på dette området i budsjett 2019. Lønsmidlane går til beredskapskoordinator i 40 % stilling. Posten «Kjøp av varer og tenester» er ikkje redusert, då avsette midlar er tenkt brukt til storøving i regi av Sivilforsvaret eller DSB.

Tabell 4-4 Økonomiske hovudtal – beredskap

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	320 000	317 000	301 760
KJØP AV VARER OG TENESTER	170 000	168 000	13 443
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	37 000	37 000	1 990
OVERFØRINGAR	-	-	3 858
Sum utgifter	527 000	522 000	321 052
REFUSJONER	-	-	-7 255
Sum inntekter	-	-	-7 255
Sum ansvar: 113 BEREDSKAP	527 000	522 000	313 796

5 Staben

Stabsavdelinga har ansvar for følgjande hovudområde:

- Post/arkiv
- Politisk møtesekretariat
- Sentralbord
- Lønn/personal
- Rekneskapsavdeling
- Informasjon, inkl. nettsider og skjemaløysingar
- Div. saksbehandling og rådgjevarfunksjonar

5.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

Vekst i kvalitet

Øystre Slidre kommune skal:

- tilby tenester som i kvalitet, innhald og effektiv ressursbruk, tilfredsstillar innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov

Offensiv organisasjon

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
- prioritere aktiv informasjon, både internt og eksternt.

Tilsett i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
- Tilsette i Øystre Slidre kommune skal ha høg trivsel med fokus på eigen utvikling

5.2 Stillingsramme

Tabell 5-1 Stillingsramme – Stab

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagleiar	2,0	2,0	0,0	
Rådgjevar	1,4	0,8	0,0	Overført frå planavdelinga
Saksbehandlar/sekretær	6,5	6,5	0,0	
Totalt	10,9	10,3	0,6	

5.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 5-2 Økonomiske hovudtal – staben

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	7 163 000	6 821 000	5 472 251
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 099 000	961 000	830 813
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	110 000	90 000	73 134
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 804 000	1 813 000	1 619 332
14 OVERFØRINGAR	-	-	210 082
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	139
Sum utgifter	10 176 000	9 685 000	8 205 752
16 SALGSINNTEKTER	-1 982 000	-1 305 000	-1 473 998
17 REFUSJONER	-47 000	-85 000	-693 513
18 STATSTILSKOT	-230 000	-230 000	-213 454
Sum inntekter	-2 259 000	-1 620 000	-2 380 966
Sum 12 STAB	7 917 000	8 065 000	5 824 786

5.4 Tiltak

- Digitalisering av eigedomsarkivet (investeringsbudsjett)
- Ny programvare/nytt system for rekruttering (samarbeid med dei andre kommunane i Valdres)
- Vidareutvikling av nettsidene
- Vidareutvikling av digitalt internkontrollsystem
- Vidareutvikling av planar og rutinar
- Gjennomføring av fylkestings- og kommunestyreval

6 Planavdelinga

6.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Planavdelinga har klare mål om å betre responsen mellom vedtekne politiske mål og fysisk planlegging og gjennomføring. Ved å samle all plankompetanse i ei avdeling er føresetnadene for å lukkast med dette gode.

Det fremste målstyringsverktøyet er planstrategidokumentet for Øystre Slidre. Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for planavdelinga:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.
- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstillar innbygarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre skal vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidretta næringsliv.
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbygarar får moglegheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

Samferdsel

- Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.
- Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskild viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres. Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikkisikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland
- Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilrettelegge for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.

- Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira.

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.
- Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

Idrett og kultur

- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

6.2 Stillingsramme

Tabell 6-1 Stillingsramme – Planavdelinga

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagsjef miljø	1,0	1,0	0,0	
Planlegger	2,2	2,3	0,5	Interne flyttingar, (sjå flyktningteneste og stab)
Totalt	4,2	4,3	-0,1	

6.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 6-2 Økonomiske hovudtal – planavdelinga

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 408 000	2 700 000	3 256 835
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	239 000	120 000	117 530
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	660 000	310 000	254 743
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	216 000	126 000	78 040
14 OVERFØRINGAR	-	-	79 573
Sum utgifter	4 523 000	3 256 000	3 786 721
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-366
17 REFUSJONER	-20 000	-57 000	-107 028
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-1 599
Sum inntekter	-20 000	-57 000	-108 993
Sum 15 PLAN	4 503 000	3 199 000	3 677 728

7 Opplæring og kultur

7.1 Felles for området

7.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området oppvekst og næring:

Vekst i kvalitet:

Øystre Slidre kommune skal:

- tilby tenester som i kvalitet, innhald og effektiv ressursbruk, tilfredsstillar innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle er med:

Øystre Slidre kommune skal:

- ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon:

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
- prioritere aktiv informasjon, både internt og eksternt

Oppvekst og læring

Øystre Slidre kommune skal vere ei kunnskapsbygd, som vil si at me er over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring. Kommunen skal ha skuler og barnehagar, der alle born og elevar føler seg velkomne, blir sett og kan utvikle tru på egne evner. Skula skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like moglegheiter for utvikling. Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta egne og gode val for framtida skal stimulerast.

I Øystre Slidre skal det vere:

- Garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.
- Høgare andel minoritetsspråklege barn i barnehagen
- Minst 50 % pedagogtettthet i barnehagane
- Fleire mannlege tilsette i barnehagane
- Lærarar som oppfyller kompetansekrava i dei faga dei undervisar i

Idrett og kultur

Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen. Øystre Slidre ynskjer å gje eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen. Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen.

7.1.2 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

I verksemdsanalysen for 2018 er de vist ei rekkje tal og vurderingar knytt til kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader. Her kjem e ei kortfatta oppsummering på overordna nivå.

Grunnskulen

Grunnskulen i Øystre Slidre har over tid, i følge kommunebarometeret, hatt høy kvalitet. Grunnskulen har vore prioritert med nye bygg og relativt høy lærartettleik. To av tre skuler er relativt nye. ØSUS har ein bygningskropp av eldre årgang som krev vedlikehald og oppgraderingar. Det er teke strategiske avgjerder som styrer mykje av effektivitetsnivået, sidan talet på elevar som nå er i skulen er lågt.

Elevane presterar gjennomgåande godt. Elevar frå Øystre Slidre har dei siste åra vist eit svært lågt fråfall på første året på vidaregåande. Satsinga på lærartettleik er truleg ein del av årsaka til at omfanget på spesialundervisninga gradvis har gått ned dei siste åra.

Vi ser ein tendens til utfordringar knytt til rekruttering av lærarar. Lærarnormen gjev truleg ytterlegare press på rekrutteringa.

Det er innført krav om særskilt omfang på utdanning i norsk, engelsk og matematikk for lærarar i grunnskulen. Kompetansen skal vere på plass for alle lærarar innan 2025. Dette kravet treng merksemd framover både knytt til rekruttering og vidareutdanning.

Læringsmiljø har fått et ytterlegare fokus etter innføring av ny paragraf 9a i opplæringslova.

Læreplanforståing er felles satsing for skulene i ØSK. Satsinga er del av eit regionalt kompetansearbeid med støtte frå Høgskulen i Innlandet.

Barnehagane

Øystre Slidre kommune har barnehagar der borna og dei tilsette trivast. Målsettinga om 50 % pedagogdekning er ikkje nådd. Vi har ein låg del menn blant dei tilsette. Rekruttering av pedagogar og mannlege tilsette er krevjande.

Kostnadsnivået i barnehagane er litt under landsgjennomsnittet. Låge fødselstal og dermed overkapasitet på tal plassar bidreg likevel til lågare effektivitet i tenesta enn om vi hadde hatt ein betre tilpassa barnehagestruktur. Oppfølging av barnehagestrategien frå 2010 vil kunne redusere driftskostnadane med over 2 mill. kroner per år.

Kultur

Kulturområdet er høgt oppe på kommunebarometeret. Biblioteket har høgt utlån og store besøkstal, særlig blant barn og unge. Delen av kommunen sine barn og unge som deltek i kulturskulen er svært høgt. Frivilligsentralen får mykje aktivitet ut av ressursane dei rår over. Nytt ungdomshus er opna i 2018. Ungdomens kulturhus Gapahuken er del av Tingvang kulturarena som så langt også består av skatepark og uteamfi.

Nivået på eigenbetaling i kulturskulen er høgt i forhold til dei andre Valdreskommunane.

Kulturskulen har større areal å drive sin aktivitet i etter at klasserom på ØSUS vart omdisponert til kulturskulebruk. Dette er rom som ikkje frå starten er bygd som kulturskulerom, og det er meldt om behov for betra lydisolering.

Flyktningtenesta

Flyktningtenesta har eit gradvis lågare aktivitetsnivå. Talet på deltakarar i introduksjonsopplæringa går gradvis ned. Det er ikkje forventet oppmoding om ny busetting. Tilpassing av omfanget på bemanninga er ein naturleg følge av denne utviklinga.

7.1.3 Stillingsramme

Tabell 7-1 Stillingsramme - Opplæring og kultur

Verksemd	2019	2018	Endring
20 - Skule og bhg - administrasjon	1,0	1,0	0,0
211 - ØSUS	20,1	19,9	0,2
212 - Rogne skule	18,6	18,0	0,5
215 - Lidar skule	18,7	19,0	-0,3
217 - BHSS skuleavd.	3,0	2,2	0,8
231 - Tingvang barnehage	7,5	8,3	-0,8
232 - Rogne barnehage	15,6	13,1	2,5
236 - Beito barnehage	10,0	9,5	0,5
25 - Kultur	7,3	7,4	-0,1
28 - Flyktningtenesta	1,4	1,8	-0,4
Totalt	103,0	100,1	2,9
210 - Lærlingverksemda	6,0	5,4	0,6

Tabell 7-2 Stillingsramme - Skule og bhg – administrasjon

	2019	2018	Endring	Merknad
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
Totalt	1,0	1,0	0,0	

7.1.4 Økonomiske hovudtal

Tabell 7-3 Nettobeløp per ansvarsområde - Opplæring og kultur

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i %	Regnskap 2017
KOMMUNELEING - ADM	1 301 000	1 276 000	2,0	1 175 708
PP	1 480 000	1 430 000	3,5	1 300 822
LÆRLINGEVERKSEMDA	888 000	610 000	45,6	386 275
GRUNNSKULEN FELLES	3 312 000	2 555 000	29,6	1 072 728
BHSS - SKULEAVD.	-18 000	-293 000	-93,9	-334 394
BARNEHAGAR FELLES/tilskott	3 944 000	3 102 000	27,1	3 307 564
Opplæring og kultur -felles	10 907 000	8 680 000	25,7	6 908 703
ØSUS	15 852 000	14 588 000	8,7	13 610 406
ROGNE SKULE	13 600 000	12 737 000	6,8	11 367 392
LIDAR SKULE	14 253 000	14 640 000	-2,6	12 771 106
Grunnskulen	43 705 000	41 965 000	4,0	37 748 904
TINGVANG BARNEHAGE	3 607 000	4 425 000	-18,5	4 112 404
ROGNE BARNEHAGE	7 803 000	6 389 000	22,1	5 844 677
BEITO BARNEHAGE	4 984 000	4 198 000	18,7	3 955 444
Barnehagene	16 394 000	15 012 000	8,4	13 912 525
KULTURSKULEN	1 726 000	2 128 000	-18,9	1 965 182

KULTUR	6 289 000	6 044 000	4,1	5 625 529
FRIVILLIGHETSENTRALEN	632 000	620 000	1,9	584 202
BIBLIOTEK	1 355 000	1 331 000	1,8	1 262 394
Kultur	10 002 000	10 123 000	-1,2	9 437 307
FLYKTNINGTENESTER	-801 000	-2 151 000	-62,8	-2 930 662
Flyktningtenester	-801 000	-2 151 000	-62,8	-2 930 662
TOTALT	80 207 000	73 629 000	8,9	65 076 778

I budsjettet for 2019 kjem det fram endringar på nokre område. Auke i tilskott til Heggebø barnehage er i hovudsak orsak til endringar i felleskostnadene. Barnehagane justerar bemanninga i takt med barnetal, og endringane er grunna i barnetal. I flyktningtenesta er det fråvær av ny busetting som er hovudårsaka til den relativt store endringa. På skulane og på kulturområdet er det mindre endringar.

Tabell 7-4 Økonomiske hovudtal - Opplæring og kultur (beløp i heile 1000 kr)

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endring i %	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	72 686	67 010	5 676	8	66 921
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	6 489	7 099	-610	-9	5 788
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	2 253	2 916	-663	-23	2 913
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	10 645	9 754	891	9	10 665
14 OVERFØRINGAR	8 833	7 810	1 023	13	8 152
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	-	0	113
Sum utgifter	100 906	94 589	6 317	7	94 552
16 SALGSINNTEKTER	-5 410	-4 888	-522	11	-5 296
17 REFUSJONER	-8 980	-6 990	-1 990	28	-10 425
18 STATSTILSKOT	-6 309	-9 082	2 773	-31	-13 282
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-	0	-472
Sum inntekter	-20 699	-20 960	261	-1	-29 476
Sum 2 Opplæring og Kultur	80 207	73 629	6 578	9	65 077

7.2 Grunnskule

7.2.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet legg føringar for undervisninga. Det vert lagt vekt på elevane si måloppnåing, og Kunnskapsløftet legg såleis sterkt vekt på læringsutbyttet.

Stortingsmelding 16 (2006/07) "...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring"

Meldinga peiker på at dette inneber systematisk vurdering, tilbakemelding og målretta oppfølging av elevane si læring.

Stortingsmelding 31 (2007-08) "Kvalitet i skolen"

Kvalitet på tenestområdet inneber motiverte og kvalifiserte tilsette og leiarar. Det må leggast vekt på eit sosialt, fagleg og godt lærings- og oppvekstmiljø.

Alle elevane som går ut av grunnskulen skal meistre grunnleggande ferdigheiter (uttrykke seg munnleg og skriftleg, kunne lese, skrive og bruke digitale verktøy) som gjer dei i stand til å delta vidare i utdanning og arbeidslivet. Alle elevar skal inkludertast og oppleve meistring.

Stortingsmelding 22 (2010-11) ”Motivasjon, mestring og muligheter”

Det viktige i denne meldinga er ei fornying av ungdomstrinnet. Dette skal skje gjennom ei brei tilnærming til kunnskap og til læring. Innsatsområda som er de meste sentrale er: auka valfridom gjennom innføring av valfag, meir praktisk tilnærming til faga, god læring gjennom godt læringsmiljø, betre klasseleiing og betre opplæring i lesing og rekning.

Stortingsmelding 28 (2015-2016) «Fag – fordypning – forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet».

Eit samfunn i endring krev også ein skule som fornyar seg. Meldinga omhandlar føringar for å fornye faga i skulen for å gje elevane djupare læring og betre forståing. I tillegg skal skulen sitt breie dannelsingsoppdrag få ein tydelegare plass i skulekvardagen. Dette skal vere et langsiktig fornyingsarbeid som bygger vidare på Kunnskapsløftet, og på den måten også sikre kontinuitet for både lærarar og elevar. Stortingsmeldinga varslar at det skal utarbeidast ein strategi for fagfornyninga som tek vare på ei brei involvering og tilstrekkeleg tid til kvart trinn i prosessen.

Stortingsmelding 21 (2016-2017) «Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen»

Kunnskap er nøkkelen til framtida, både for kvart einskild menneske og for samfunnet som heilskap. For at barn og unge skal ha lyst til å lære, vere motiverte og oppleve meistring, må alle som har ei rolle i utdanningssystemet vere prega av lærelyst. Tidleg innsats er avgjerande for å gje alle barn og unge ei opplæring som rustar dei for framtida. Tidleg innsats inneber m.a. å gje kommunane ei plikt til å tilby intensiv opplæring til elevar som heng etter i lesing, skriving eller rekning på 1. – 4. trinn. Meldinga varslar tiltak for å legge til rette for at kommunar og fylkeskommunar skal få handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling, slik at dei kan finne løysingar som er tilpassa lokale behov. Lærarar og skuleleiarar skal få gode mogelegheiter til å bygge og vidareutvikle profesjonelle fellesskap.

7.2.2 Status

Det er 347 elevar ved grunnskulen i Øystre Slidre. Elevane fordeler seg slik:

- Rogne skule: 133 elevar
- Lidar skule: 103 elevar
- Øystre Slidre ungdomsskule: 111 elevar

Den sentrale utviklingsoppgåva i åra som kjem, er arbeidet med revidert læreplan. Skulebasert utviklingsarbeid er arbeidsmåten, og arbeidet vil i ulike steg halde fram til revidert læreplan er på plass i 2020. Utviklingsarbeidet skjer på den enkelte skulen i heile Valdres, og blir støtta av regionale tiltak samt fagressursar frå Høgskulen i Innlandet. Arbeidet med overordna del i læreplanen er i gang. Fornyning av fagplanar kjem deretter.

Det vert arbeidd systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med trykk på læring. På 1.- 4 trinn på begge barneskulane ligg det inne ekstra timerressursar (tidleg innsats) for å kunne sette inn ekstra hjelp der det trengst. Behovet for spesialundervisning har gått gradvis ned dei siste åra, og det er eit mål at alle skal få tilpassa opplæring. Det systematiske arbeidet med å få til ei slik endring fortset vidare. Likevel vil det alltid kunne påreknast eit visst behov for spesialundervisning.

Tilstandsrapporten for grunnskulen viser at vi fagleg scorar godt på de fleste felta. Kostnadane knytt til grunnskulen er relativt høge i forhold til gjennomsnittet for Oppland og landet som heilheit.

7.2.3 Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-5 Stillingsramme - Øystre Slidre ungdomsskule

	2019	2018	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent skule	1,8	1,2	0,5	Endring i behov
Lærer grunnskule	16,9	17,2	-0,3	Endring i behov
Sekretær	0,4	0,4	0,0	
Totalt	20,1	19,9	0,2	

Tabell 7-6 Økonomiske hovedtal - Øystre Slidre ungdomsskule

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	14 464 000	13 215 000	12 973 235
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 301 000	1 289 000	1 134 493
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	71 000	70 000	211 802
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 440 000	1 400 000	1 387 109
14 OVERFØRINGAR	-	-	134 959
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	1 464
Sum utgifter	17 276 000	15 974 000	15 843 060
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-31 028
17 REFUSJONER	-1 424 000	-1 224 000	-1 815 178
18 STATSTILSKOT	-	-162 000	-165 700
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-220 749
Sum inntekter	-1 424 000	-1 386 000	-2 232 655
Sum	15 852 000	14 588 000	13 610 406

7.2.4 Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-7 Stillingsramme - Lidar skule og BHSS skuleavd.

	2019	2018	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,4	0,8	-0,4	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	3,1	2,8	0,3	Endring i behov
Lærer grunnskule	14,2	14,4	-0,2	Endring i behov
Lærer BHSS	2,8	2,0	0,8	Mellombels auke, finansiert av fylkeskommunen
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	21,7	21,2	0,5	

Tabell 7-8 Økonomiske hovedtal - Lidar skule

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 020 000	12 518 000	11 802 271
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 466 000	1 889 000	1 411 536
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	265 000	262 000	361 913

13	KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 389 000	1 350 000	1 395 491
14	OVERFØRINGAR	-	-	178 414
15	FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	208
Sum utgifter		16 140 000	16 019 000	15 149 833
16	SALGSINNTEKTER	-353 000	-233 000	-264 127
17	REFUSJONER	-1 187 000	-1 096 000	-1 622 671
18	STATSTILSKOT	-350 000	-50 000	-432 206
19	FINANSINNTEKTER	-	-	-59 723
Sum inntekter		-1 890 000	-1 379 000	-2 378 726
Sum		14 250 000	14 640 000	12 771 106

7.2.5 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-9 Stillingsramme - Rogne skule

	2019	2018	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,3	0,6	-0,3	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	2,9	2,6	0,3	Endring i behov
Lærar grunnskule	14,2	13,6	0,5	Endring i behov
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	18,6	18,0	0,5	

Tabell 7-10 Økonomiske hovudtal - Rogne skule

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 274 000	11 944 000	11 822 965
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 221 000	1 233 000	1 166 246
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	222 000	219 000	210 110
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 389 000	1 350 000	1 286 279
14 OVERFØRINGAR	-	-	129 031
Sum utgifter	16 106 000	14 746 000	14 614 631
16 SALGSINNTEKTER	-430 000	-400 000	-793 379
17 REFUSJONER	-1 725 000	-1 609 000	-1 980 366
18 STATSTILSKOT	-350 000	-	-379 006
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-94 488
Sum inntekter	-2 505 000	-2 009 000	-3 247 239
Sum 22 ROGNE SKULE	13 601 000	12 737 000	11 367 392

7.3 Tiltak i grunnskulen

- Regional skulebasert kompetanseutvikling er basert på ei nasjonal satsing. Arbeidet er tett knytt opp mot revidert læreplan som skal gjelde frå 2020. I dette arbeidet vidareførast erfaringane med «Leiing av læring», og det vert arbeidd systematisk med pedagogisk analyse og kollektiv læring i kollegia gjennom erfaringsdeling og refleksjon.
- Oppgraderingsplan mot 1:1 dekning av PC/nettbrett starta i 2018. Dette blir vidareført i 2019 og 2020. I samband med denne oppgraderingsplanen vil kompetanseheving for lærarane vere ein naturleg konsekvens.

- Arbeidet for å få til eit endå betre samarbeid heim-skule prioriterast. Det er innført foreldreskule for foreldra til elevane i 1.klasse og 8.klasse. Ny læringsplattform med auka moglegheiter for informasjonstilgang for foreldra er under implementering.
- Nye kompetansekrav vert støtta med stipend- og frikjøpsordningar finansiert frå Utdanningsdirektoratet.
- Stillingsressursen på Rogne skule er vidareført for å styrke norskopplæringa for framandspråklege
- Tettare samarbeid med PPT er del av neste års tiltak. Dette er i stor grad endring av arbeidsformen, utan at det gjev utslag i bruk av midlar til PPT.

7.4 Barnehage

7.4.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Lov om barnehagar med forskrift om rammeplan

Barnehagelova er styrande for barnehagen sitt samfunnsmandat, innhald og oppgåver. Barnehagen skal ha ein helsefremmande og ein førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Innhaldet skal bygge eit heilskapleg læringsssystem der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse, samt sju fagområde, viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Lov om barnehagar, § 12, lovfestar retten til barnehageplass når barnet fyller eitt år før utgangen av august.

1.august 2017 fekk vi ny rammeplan. Rammeplanen gjev barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve.

St. meld. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.

Regjeringa har valt tre hovudområde for kvalitetsarbeidet i barnehagen:

1. Sikre likeverdige og høg kvalitet i alle barnehagar
2. Styrke barnehagane som læringsarena
3. Alle barn skal få delta i eit aktivt i eit inkluderande fellesskap

7.4.2 Status

Per 31.08.18 hadde 112 barn plass i dei kommunale barnehagane i Øystre Slidre:

- Beito barnehage: 29 barn
- Rogne barnehage: 55 barn
- Tingvang barnehage: 28 barn

I tillegg hadde 20 barn plass i Heggebø Friluftsbarnhage.

Kommunen har tilnærma nok personell med pedagogisk kompetanse i barnehagane. Det er gjeve ein dispensasjon i ei stilling.

Kommunestyret vedtok i sak 020/07 "Organisering av barnehagetilbodet i Øystre Slidre", m.a. følgjande:

- Øystre Slidre skal ha full barnehagedekning og rådmannen har fullmakt til å bemanne etter behov.

Som ein konsekvens av kommunestyrevedtaket, tek kommunen inn nye barn i barnehagane gjennom heile året (sjølv om hovudopptaket skjer på våren). Bemanninga vert justert opp og ned etter behovet gjennom året. På denne måten er det i prinsippet aldri overbemanna i barnehagen, men det er også vanskeleg i økonomiplanen å fastslå med sikkerheit kor stor bemanning det trengst i barnehagen komande år og i økonomiplanperioden.

Barnehagane arbeider i 2018/19 særskilt med relasjonskompetanse. Dei tilsette i barnehagane er opptekne av at kvart barn vert sett, høyrte og vist omsorg.

7.4.3 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-11 Stillingsramme - Beito barnehage

	2019	2018	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	0,9	0,1	Utløp av permisjon
Fagarbeidar/assistent	4,4	5,5	-1,2	Endring i behov
Pedagogisk leiar	4,6	3,0	1,6	Endring i behov
Totalt	10,0	9,5	0,5	

Tabell 7-12 Økonomiske hovudtal - Beito barnehage

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	6 108 000	4 952 000	4 772 880
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	271 000	238 000	184 744
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	15 000	15 000	26 562
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	82 000	80 000	73 165
14 OVERFØRINGAR	-	-	35 625
Sum utgifter	6 476 000	5 285 000	5 092 976
16 SALGSINNTEKTER	-1 111 000	-951 000	-923 981
17 REFUSJONER	-381 000	-136 000	-200 256
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-13 296
Sum inntekter	-1 492 000	-1 087 000	-1 137 532
Sum	4 984 000	4 198 000	3 955 444

7.4.4 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-13 Stillingsramme - Tingvang barnehage

	2019	2018	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	0,8	1,0	-0,2	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent	3,7	3,7	0,0	
Pedagogisk leiar	3,0	3,6	-0,6	Endring i behov
Totalt	7,5	8,3	-0,8	

Tabell 7-14 Økonomiske hovudtal – Tingvang barnehage

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 712 000	5 190 000	5 241 371
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	230 000	223 000	228 330
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	16 000	16 000	24 430
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	82 000	80 000	73 165
14 OVERFØRINGAR	-	-	44 589
Sum utgifter	5 040 000	5 509 000	5 611 884
16 SALGSINNTEKTER	-824 000	-627 000	-1 080 633
17 REFUSJONER	-609 000	-457 000	-407 850
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-10 997

Sum inntekter	-1 433 000	-1 084 000	-1 499 480
Sum	3 607 000	4 425 000	4 112 404

7.4.5 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-15 Stillingsramme - Rogne barnehage

	2019	2018	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	8,0	7,1	0,9	Endring i behov
Pedagogisk leiar	6,6	5,0	1,6	Endring i behov
Totalt	15,6	13,1	2,5	

Tabell 7-16 Økonomiske hovudtal - Rogne barnehage

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	9 592 000	7 746 000	7 061 385
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	300 000	340 000	269 018
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	23 000	23 000	46 610
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	82 000	80 000	73 165
14 OVERFØRINGAR	-	-	54 747
Sum utgifter	9 997 000	8 189 000	7 504 925
16 SALGSINNTEKTER	-1 589 000	-1 564 000	-1 289 469
17 REFUSJONER	-605 000	-236 000	-345 823
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-24 956
Sum inntekter	-2 194 000	-1 800 000	-1 660 248
Sum 26 ROGNE BARNEHAGE	7 803 000	6 389 000	5 844 677

7.4.6 Tiltak i barnehagen

- Tildele barnehageplass etter fylte eitt år. Barnehagen er open 10 timar om dagen.
- Kontinuerleg justere bemanninga etter talet på brukte plassar i barnehagen
- Stillingsressursen i barnehagane vidarefører ressurs for å kunne styrke norskopplæringa, for tida i Rogne barnehage.
- Stillingsressursen knytt til språkopplæring i barnehagane blir vidareført.
- Samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling av barnehagane i valdresregionen held fram. Ei ny satsing frå Utdanningsdirektoratet blir organisert som eit regionalt barnehagebasert kompetanseutviklingsarbeid.
- Barnehageåret 2018/2019 har vi relasjonskompetanse som satsingsområde. Det regionale arbeidet har som mål å styrke barnehagane sine evner til å drive utviklingsprosessar.
- Læringsmiljøprosjekt i samarbeid med Fylkesmannen og Læringsmiljøsenderet starta opp i 2018 og blir vidareført i 2019 og 2020.

7.5 Kultur

Verksemda omfattar:

- Kultur
- Kulturskule
- Bibliotek
- Frivilligsentralen

- Ungdomsklubb
- Furustrand

7.5.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Kulturlova § 1

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)

Kulturløftet hevar kulturen sin status som samfunns- og politikkområde. Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har kultur stor betydning for andre samfunns mål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og fordjupning

Rammeplanane er eit grunnlagsdokument for utvikling av standardar og lokale læreplanar for kulturskolen.

7.5.2 Status

Kulturskolen

Kulturskolen gjev eit breitt tilbod i musikk, dans og visuell kunst. 160 elevar får undervisning kvar veke i egne lokale (over biblioteket), samt på Lidar og Rogne skule. Kommunale barnehagar får musikkbarnehage kvar veke. I samarbeid med sjukeheimen er det songstunder for bebuarane to gonger kvar veke. Beitostølen helsesportsenter får tilbod om halling og go`karstykker.

Ventelistene er korta ned litt, og ivrige elevar kan få ekstra ressursar og tid. Kulturskolen har høg aktivitet og mange egne førestillingar gjennom året. I tillegg opptrer elevane ofte på ulike arrangement både i og utanfor kommunen. Kulturskolen driv billig per elev.

Biblioteket

Biblioteket har gode lokale, stort besøk og høgt utlån. Skulebiblioteka på Rogne og Lidar fungerer bra og gjev høve til direkte formidling til barn og unge. På hovudbiblioteket har vi god kontakt med ungdomsskuleelevane, og samarbeider med lærarane om særskilte leseprosjekt i tillegg til vanleg litteraturformidling. Biblioteket fyller rolla som debattarena ved å stille ut aktuell litteratur, ofte knytt til aktuell samfunnsdebatt henta frå avis- og tidskriftartiklar. Vi hjelper studentar med lån av faglitteratur og oppgåveskriving, og eldre med opplæring av databruk. Flyktingar har moglegheit til å «låne ein innbyggjar» til ein samtale over ein kaffikopp. Biblioteket skal også fungere som kulturarena, og vi har særleg vektlagt tilbod for barn, som til dømes «Lått og leven» – song, musikk og dans for barn i aldersgruppa 3 – 8 år. Vi har også arrangement for vaksne, og samarbeider ofte med ulike lag om dette. For ungdom har vi laga til eit spelerom med ulike spel som er ope to ettermiddagar i veka. Biblioteket er også mykje nytta som møterom for lag utanom opningstidene.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben er i ferd med å etablere seg på ein splunk ny arena. Ungdomsarbeidaren har fått med seg nye medarbeidarar og det er eit ungdommeleg og friskt team som tek fatt. I Kulturarena Tingvang er skatepark og nytt kulturhus ferdig og teke i bruk. Vi registrerer stor aktivitet. Amfiet vart ferdig på rekordfart og må innlemast og takast i bruk. Dette er spanande tider som krev nytenking og utprøving. Øvingsrom/lydkåk vil komplettere arenaen.

Kultur og idrett

«Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken» gjev gode kulturtilbod til skuleelevar og til eldre. Lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje kulturtilskot.

Idrettslag får hjelp til å søkje eksterne spelemiddel til idrettsanlegg, og kan også søkje frå kommunale middel.

Fjellstafetten har i 17 år vore eit veldig godt tiltak for å få folk ut på tur, og fenger både fastbuande og tilreisande. 474 fullførte heile stafetten i 2017.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har mange hjelpeoppdrag og tilbod, 13 faste aktivitetar og mange enkeltarrangement. Tilboda famnar breitt og har varierte aktivitetar innan friluftsliv, song og musikk, dans, husflid, litteratur og kunnskapsformidling innan m.a. folkehelse. Frivilligsentralen brukar fleire arenaer til sine aktivitetar; Moatunet, skular, omsorgsbustader, sjukeheim, grendehus og uteområde. Desse møteplassane er viktige, dei er både helsefremmande, inkluderande og famnar mange målgrupper. Frivilligsentralen har vore i stor vekst sidan oppstarten, og har over 70 frivillige som bidreg til at frivilligsentralen kan tilby stor aktivitet. Frivilligsentralen er ein viktig katalysator for frivillig arbeid og er også eit verdifullt supplement til andre tenester i kommunen. Det er stor etterspurnad etter nye tilbod. Tilskotet frå staten ligg no i ramma.

Furustrand

Furustrand er eit friluftsområde med sandvolleyballbane, bord og benker, grill og bålpanne, stupetårn/flytebrygge, båtar og kano/kajak. Kiosken er open på sumartid.

Kulturtilskott

Tabell 7-17 Kulturtilskott i Øystre Slidre kommune

	Budsjett 2019	Budsjett 2018
Tilskott til idrett og friluftsliv	890 000	900 000
Aktivitet for born og unge	140 000	140 000
Musikk og andre kulturtiltak	460 000	510 000
Museum	125 000	125 000
Sum	1 615 000	1 835 000

Tilskott til idrett og friluftsliv består av tilskott til idretts-, skyttar- og andre lag og foreiningar. Tilskota er å rekne som tilskott til drifta av laga.

Midlane knytt til posten «Aktivitet for born og unge» går til lag og foreiningar for aktivitetar dei gjennomfører retta mot born og unge.

Midlane knytt til posten «Musikk og andre kulturtiltak» går til lag og foreiningar av ulikt slag. Stort sett er dette små tilskott, men også nokre noko større tilskott. Midlane går til drift eller til særskilte enkelttiltak.

Posten «Museum» er Øystre Slidre kommune sin del av dei kommunale eigarane sine tilskott til Valdres Folkemuseum.

7.5.3 Stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-18 Stillingsramme - kultur

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar/rektor	1,0	1,0	0,0	
Bibliotekar	0,8	0,8	0,0	
Biblioteksjef	0,5	0,5	0,0	
Kulturkonsulent	0,2	0,2	0,0	
Kulturskulelærer	3,3	3,5	-0,1	Endring i behov (kjøp/sal av tenester)
Leiar Frivilligsentral	0,3	0,3	0,0	
Medarbeidar	0,3	0,3	0,0	
Ungdomsarbeidar	0,9	0,8	0,0	
Totalt	7,3	7,4	-0,1	

Tabell 7-19 Økonomiske hovudtal – Kultur

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 762 000	4 656 000	4 396 450
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	676 000	670 000	642 693
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	590 000	584 000	932 725
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	834 000	822 000	679 071
14 OVERFØRINGAR	4 790 000	4 610 000	4 689 626
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	50 000
Sum utgifter	11 652 000	11 342 000	11 390 565
16 SALGSINNTEKTER	-1 103 000	-1 103 000	-885 307
17 REFUSJONER	-432 000	-	-825 730
18 STATSTILSKOT	-116 000	-116 000	-200 788
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-41 433
Sum inntekter	-1 651 000	-1 219 000	-1 953 258
Sum	10 001 000	10 123 000	9 437 308

7.5.4 Tiltak

Kulturavdelinga har etablert eit godt samarbeid mellom kultur, kulturskule, bibliotek og frivilligsentralen, og arbeider for å styrke det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

Kultur

- Satsar på den unike ubrotne folkemusikktradisjonen vår, med særleg vekt på langeleik
- Utvikle tilboda på ungdomsklubben for å sikre eit godt miljø
- Sikre god og stabil drift i nytt ungdomshus
- Laga kulturminneplan
- Sikre samfunnshuset Tingvang med oppgradering av golv, kjøken og toalett.
- Utvikle samarbeidet mellom kultur og frivillig arbeid
- Utvikle tilboda ved frivilligsentralen til å femne fleire målgrupper
- Utvikle biblioteket som debatt- og kulturarena
- Fortsette med «Stølsveko», eit godt tilbod til born og ungdom, i august og eit bra samarbeid mellom helse, landbruk, fjellstyre, næring og frivillige

Kyrkjeleg fellestråd

Ramma for fellestrådet er for 2019 er sett til 2 850 000 kr.

Fellestrådet driv eit systematisk og godt arbeid. Til ekstraordinære tiltak på kyrkjene brukar fellestrådet av sitt bundne fond.

Budsjettet for 2019 føreset bruk av disposisjonsfond, om alle planlagde tiltak skal gjennomførast.

7.5.5 Flyktingtenester - kvalifiseringstenesta

I 2018 fekk vi ein ny busett flykting i Øystre Slidre kommune. IMDI har varsla om at Øystre Slidre kommune ikkje blir bedne om å busette flyktingar i 2019. Øystre Slidre kommune organiserer si eige flyktingteneste. Tenesta følgjer opp flyktingane slik at det best mogleg kan integrerast og delta i barnehagar, skule, i arbeid. Vi har fram til november 2018 kjøpt opplæringstenester frå Valdres kompetansevekst. Behovet for slike tenester går ned når få nye busette kjem til, men ei ny løysing på desse tenestene må på plass, ettersom VKV gjekk konkurs i november 2018.

Omfanget på tenesta forventast å gå ned i 2019. Om det viser seg at også dei neste åra (2019 og utover) ikkje kjem nye flyktingar, vil omfanget på tenesta gå ytterlegare ned.

Tabell 7-20 Stillingsramme - flyktingtenesta

	2019	2018	Endring	Merknad
Rådgjever	0,4	0,8	-0,4	Overflytta til planavdelinga
Integreringskonsulent	1,0	1,0	0,0	
Totalt	1,4	1,8	-0,4	

Tabell 7-21 Økonomiske hovudtal – Flyktingtenesta

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	2 279 000	3 308 000	5 034 584
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	358 000	558 000	293 962
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	796 000	894 000	1 081 269
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 216 000	1 810 000	2 542 202
14 OVERFØRINGAR	-	-	103 614
Sum utgifter	4 649 000	6 570 000	9 055 630
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-7 988
17 REFUSJONER	-	-10 000	-143 443
18 STATSTILSKOT	-5 450 000	-8 711 000	-11 834 861
Sum inntekter	-5 450 000	-8 721 000	-11 986 292
Sum	-801 000	-2 151 000	-2 930 662

8 Helse og omsorg

8.1 Felles for området

8.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for helse- og omsorgsområdet:

8.1.1.1 Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstillar innbygarane og gjestene sine grunnleggande behov.

8.1.1.2 Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimebuande og i institusjon.

8.1.1.3 Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

8.1.1.4 Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbygarar får moglegheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.
- Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling
- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

8.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk

St.meld. nr. 25 (2015-2016) – Mestring, muligheter og mening

Omsorgsmeldinga og andre relevante føringar peikar på fleire utviklingstrekk for åra framover. Talet på personar i den eldste delen av befolkninga (80+) vil halde seg stabilt fram mot 2020. I løpet av perioden 2020-2030 vil talet på eldre auke betrakteleg og medføre utfordringar for kommunen.

St.meld. nr. 47 (2007-2008) – Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma stiller krav til kommunane om større ansvar for helsefremmande, førebyggjande arbeid og behandlingstilbod. Forventningar som kjem fram i stortingsmeldinga, går i retning av meir observasjon av pasientar i staden for innlegging. Det er også ei klar forventning om at kommunen skal kunne etterbehandle og rehabilitere etter sjukehusopphald før pasienten blir utskriven til eigen heim. Alle desse forventningane gjer at kommunane i distrikta må tenkja nytt og samarbeide for å sikre den kompetansen og fleksibiliteten som skal til for å handtere dei nye utfordringane. Gjennom samhandlingsreforma legg regjeringa til grunn at kommunane sjølve må finne fram til eigna samarbeidsformer for å sikre at ressursar og kompetanse blir utnytta på best

mogleg måte. I den nye helse- og omsorgstenestelova er det nærare definert kva ansvar kommunane har.

St.meld. nr 16 (2015-2016) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2015- 2020)

Dette er eit verktøy for fagleg og politisk styring i perioden. Plana skildrar nærare samhandlingsreforma sine mål og verkemiddel.

Demensplan 2020

Dette er ein delplan til omsorgsplan 2015. Den skildrar ei av dei største utfordringane vi står overfor dei neste 10-15 åra. Talet på personar med ulike demenslidningar vil auke betrakteleg, og dette vil bli ei utfordring for den enkelte kommune.

Kompetanseløftet 2020

Med bakgrunn i bemanningsutfordringane i den kommunale helse- og omsorgstenesta, er det utarbeida ei kompetanse- og rekrutteringsplan; Kompetanseløftet 2020. Denne plana er også ei delplan til omsorgsplan 2015. Plana skal gjelde fram til 2020 og inneheld strategiar og tiltak som også skal møte dei demografiske utfordringane fram mot 2050.

8.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (frå verksemdsanalysen og Kostra)

I år har vi valt å ta ut Kostra-oversikta i si tidlegare form, og heller vise den i årsmeldinga. I dette dokumentet er det henta inn oversikt frå verksemdsanalysen som viser korleis Øystre Slidre kommune blir vurdert i Kommunebarometeret. I tillegg blir det vist ei intern vurdering av tenestene våre under kvart tenesteområde. For å vise område vi skil oss vesentleg frå dei andre Valdres- kommunane og Kostragruppe 2 er det teke inn ein tabell frå verksemdsanalysen som belyser dette.

Vurderinga i Kommunebarometeret er slik:

Pleie og omsorg:

78 prosent av de ansatte i pleie og omsorg i Øystre Slidre har fagutdanning. Det er litt bedre enn i normalkommunen. Landsgjennomsnittet er på 74 prosent. Andelen er litt høyere nå enn for ett år siden. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen litt få plasser avsatt til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sykehjem er demente. I Øystre Slidre er 31 prosent av plassene ment for demente. Kommunene skal gi et tilbud til funksjonshemmete også utenom arbeid og studier. I Øystre Slidre er det 76 prosent som har fått oppfylt sitt behov. Andelen er høy målt mot resten av landet. Snittet i Kommune-Norge er 60 prosent. De beste ligger på 85 prosent.

Barnevern:

Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Øystre Slidre ganske lav målt mot resten av landet. Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet.

Kommune-Norge har blitt bedre de siste årene, snittet er nå 87 prosent. Vi har ikke oppdaterte tall om hvor stor andel av barna i barnevernet som er plassert i fosterhjem eller institusjon. Snittet i Kommune- Norge er 27 prosent.

Helse:

Legedekningen i Øystre Slidre er litt lavere enn i mediankommunen. Kommunestørrelse har stor betydning på dette punktet.

Dekningen av helsesøster målt mot antall småbarn i kommunen er middels.

Målt mot folketallet er det ikke mange kommuner som har færre ansatte enn Øystre Slidre som er registrert med videreutdanning innen psykisk helsearbeid.

Sosialtjeneste:

Unge mottakere i Øystre Slidre går relativt kort tid på sosialhjelp. Det regner vi som bra; det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Blant de under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 5,4 prosent, mens snittet i Kommune- Norge ligger på 3,7 prosent. Sosialstønad gis i over 10 måneder til 11 prosent av de som mottar støtte. Andelen er ikke spesielt høy, kommunen er på 104. plass på denne tabellen. Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er litt under normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.

Tabell 8-1 Område der Øystre Slidre kommune skil seg merkbart fra median i Valdres- kommunane, eller fra Kostragruppe 2 (kjelde: Kostra)

	Sør- Aurdal	Etnedal	Nord- Aurdal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Vang	Kostragr.
HO							
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,3	9	6,6	9,3	4,4	9,8	0
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år	4,7	7,2	5	7,2	3,3	7,7	0
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant innb.0-17 år	4,7	7,5	4,5	8,1	3,1	6,9	0
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	35,1	44	24,1	41,1	39	18,3	27,1
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbygger 20-66 år	1 958	2 731	2 398	3 266	1 781	1 042	1 358
HO/Helse							
Andel hjemmebesøk utført av jordmor innen ett-to døgn etter barnets hjemkomst fra føde/barselavdeling	80	71	100	169	62	81	34
Andel kvinnelige leger	0	100	56	100	67	67	47
Andel timer av fysioterapeuter med fast lønn og turnuskandidater.	44,2	23,4	27,5	0	15,5	43,8	35,7
Andel timer av kommunalt ansatte leger og turnuskandidater.	0	33,3	13,5	36,8	27,6	100	51,8
Antall personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (khelse og plo)	23,2	7,4	4,7	4,7	6,2	0	10,9
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	12 808	29 537	8 392	16 902	9 602	30 159	13 398
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	5 510	8 172	3 494	6 229	3 987	8 974	4 998
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,43	0,14	0,47	1,07	0,57	0,29	0,41
Gjennomsnittlig listelengde	922	686	786	590	1 114	496	836
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	3,1	3,7	1,6	0	6,6	6,2	3,5
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere 0-5 år	6,4	13,9	3	7,8	14,7	11,4	9,2
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 120 og 233	0,6	3,9	1	0,7	1,2	0,6	1,1
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	5	12,1	13,6	12,7	8,1	12,7	9,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	17,2	0	2,9	4,7	3,1	0	6,1
HO/IHT							
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	24	29,5	35,4	21,3	37	21,9	22,8
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	8,5	10,8	14,3	5,6	4,2	9,1	6,2
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	24,8	0	33,6	0	25	0	16,4
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67 år og over	13,7	0	32,6	0	27,8	0	13,1
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	21,6	0	30	0	28,9	0	13,7

Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	8,8	0	33,7	0	26,9	0	12,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,5	14,9	9,1	13,2	17,6	15,9	13,4
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av tannhelsepersonell siste år	93,3	45	50	100	31,2	92,3	26,6
Andel plasser avsatt til rehabilitering/habilitering	11,8	13,6	28,3	15	17,1	11,8	9,8
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	41,2	36,4	20,8	0	19,5	23,5	29,1
Brukerbetaling i institusjon i forhold til brutto driftsutgifter	10,6	13,3	8,3	7,4	15,1	8	12,4
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av brutto driftsutg	0,8	0,7	1,1	1,9	0,8	1,1	1,3
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,43	0,14	0,47	1,07	0,57	0,29	0,41
Gj.snittlig antall oppholdsøgn per tidsbegr. opphold i institusjon	19,2	12,9	9,7	25,8	29,4	30,9	20,9
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	8,9	4,2	11	9,2	4,9	10,5	8,8
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	45	37	26	12	11	30	28
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	22	21,8	14,1	16,5	27,7	41,5	19
Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester	15,7	19,1	15,3	18,3	25,8	25,6	16,8
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	1	1	1	1	1	1	38
System for brukerundersøkelser i institusjon	1	1	1	1	1	1	35

8.1.4 Stillingsramme

Tabell 8-2 Stillingsramme - Helse og omsorg

Verksemd	2019	2018	Endring
30 - Helse og velferd - administrasjon	1,0	1,0	0,0
301 - Systemkontor	2,2	2,2	0,0
31 - Helseavdelinga	19,9	19,8	0,1
36 - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)	61,2	60,2	1,0
39 - Miljøtenesta	16,3	15,4	0,8
Totalt	100,6	98,6	2,0

Tabell 8-3 Stillingsramme - Helse og omsorg - administrasjon

	2019	2018	Endring	Merknad
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
Totalt	1,0	1,0	0,0	

Tabell 8-4 Stillingsramme - Systemkontor

	2019	2018	Endring	Merknad
Avdelingsleiar	1,0	1,0	0,0	
Saksbehandlar/sekretær	0,4	0,4	0,0	
Sekretær	0,8	0,8	0,0	
Totalt	2,2	2,2	0,0	

8.1.5 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-5 Økonomiske hovudtal - nettobudsjett pr verksemd – i heile tusen

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endrig i %	Regnskap 2017
HELSE OG OMSORG FELLES	6 528	6 057	471	8	5 318
HELSETENESTA	17 393	16 726	668	4	15 909
SOSIALE TENESTER	11 951	10 045	1 906	19	11 493
IHT	48 151	45 305	2 846	6	44 446
MILJØTENESTA	13 829	13 079	750	6	12 474
TOTALT	97 852	91 212	6640	7	89 639

Tabell 8-6 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg i heile tusen

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endring i %	Regnskap 2017
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	82 917	79 131	3 786	5	75 773
KJØP AV VARER OG TENESTER	4 402	4 129	273	7	4 806
INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	705	623	82	13	680
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	22 128	19 447	2 681	14	21 797
OVERFØRINGAR	337	202	135	67	1 018
FINANSERINGSUTGIFTER	41	41	-	0	152
Sum utgifter	110 530	103 573	6 957	7	104 225
SALGSINNTEKTER	-7 569	-7 528	-41	1	-8 192
REFUSJONER	-4 422	-3 916	-506	13	-5 281
STATSTILSKOT	-637	-787	150	-19	-775
FINANSINNTEKTER	-50	-130	80	-62	-337
Sum inntekter	-12 678	-12 361	-317	3	-14 586
Sum 3 Helse og Omsorg	97 852	91 212	6 640	7	89 639

8.2 Helseavdelinga

8.2.1 Status

Helseavdelinga inneheld Legetenesta, Psykisk helseteneste, Arbeid og aktivitet, Helsestasjon, Fysioterapi og Frisklivssentral og Folkehelsekoordinator.

Helseavdelinga har dyktige tilsette med lang erfaring og god kompetanse, og det er svært lågt sjukefråvær. Gjennomsnittsalderen er høg, og dette må avdelinga ha fokus på framover. Avdelinga leverer gode tenester, men har utfordringar i å til ei kvar tid ha ledig kapasitet, dette gjeld særleg for legetenestene. Helseavdelinga har fokus på at samhandling og deling av kunnskap skal bidra til gode førebyggjande tenester og samanhengande behandlingssløp. Avdelinga har eigen administrativ leiar, i tillegg fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Det er i gang ein flyttestasjon på kommunehuset, der Psykisk helseteneste er først ute og etablerer tenesta i dei tidlegare NAV-kontora. Fagleiar har sagt opp stillinga og tenesta er i prosess med å rekruttere ny leiar. Verksemdsleiar skal også få kontor plass på Tingvang.

Helsestasjonen har to helsesystrar. Helsestasjon og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiar, og dei har auka kompetansen på dette feltet for å stå best mogeleg rusta til å møte utfordringane. Likevel ser ein det er store utfordringar i ein del familiar, og Helseavdelinga

meiner vi bør vurdere å opprette ei stilling som familierettleiar knytt til anten psykisk helseteneste eller Helsestasjonen med tanke på å kunne tilby familiestøttande tiltak til desse.

Regjeringa har med verknad frå 01.01.2019 bestemt at kommunane skal betale for utskrivingsklare pasientar innan rus og psykiatri etter same mønster som i somatikken. Det betyr i praksis at om vi ikkje kan ta i mot pasienten innan eit døgn etter denne blir erklært utskrivingsklar frå eit statleg behandlingstilbod, vil kommunen måtte betale 4 747 kr per døgn for vidare opphald i institusjonen. Vi har ikkje teke høgde for dette for 2019, då vi ikkje har oversikt over kva økonomiske konsekvensar dette vil få fyrste året. Det grunn til å tru at dette ikkje vil ha dei store konsekvensane for vår kommune sin del, difor vel vi å vente til vi har eit erfaringsår før vi legg inn nokon sum i budsjettet.

Vi har så langt ikkje lykkast med å rekruttere den 4. fastlegen, men held fram denne prosessen. Ein av fastlegane har eitt års permisjon, og det er tilsett vikar for denne. Turnuslegeordninga er lagt om til «leger i spesialisering» (LIS). Kommunen held fram med dette til den 4. fastlegen er tilsett.

Arbeid og aktivitet har stor produksjon og særst stort sal av fyringsved, serviceoppdrag og tekstilar. Salsinntektene er i samsvar med budsjett. Skogprodukt og Aktivitetshuset har samarbeid med Frivilligsentralen om Utstyrssentralen om å gje tilbod om utlån av friluftsutstyr til familiar og einskildpersonar som har utfordringar med å skaffe slikt utstyr sjølve. Tilbodet blir nytta. Det er òg ei ordning med utdeling av brukte klede til flyktingane. Vindestogo har vore under utvikling og er no open alle kvardagar. Det er 13 brukarar i dagtilbodet, som er eit viktig avlastande tiltak for pårørende. Brukarane blir henta og køyrde heim med kommunal buss, noko som truleg er ein av suksessfaktorane i tilbodet.

8.2.2 Stillingsramme

Tabell 8-7 Stillingsramme – Helseavdelinga

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Aktivitør	3,0	3,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	2,8	2,8	0,0	
Fysioterapeut	0,6	0,6	0,0	
Helsesyster	2,0	2,0	0,0	
Kommunelege	0,9	0,9	0,0	
Legesekretær	2,6	2,5	0,2	Utvida bemanning
Leiar friskliv/folkehelse	0,7	0,7	0,0	
Psykiatrisk sjukepleiar	3,6	3,6	0,0	
Sjukepleiar legekantoret	1,8	1,8	0,0	
Turnuslege	1,0	1,0	0,0	
Totalt	19,9	19,8	0,1	

8.2.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-8 Økonomiske hovudtal – helseavdelinga

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 843 000	13 474 000	12 657 372
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 142 000	1 108 500	1 125 430
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	332 000	255 000	200 457
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	4 625 000	4 279 000	4 415 427
14 OVERFØRINGAR	85 000	-	173 376

15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	9 549
Sum utgifter	20 027 000	19 116 500	18 581 613
16 SALGSINNTEKTER	-632 000	-655 000	-806 033
17 REFUSJONER	-1 367 000	-1 101 000	-1 299 261
18 STATSTILSKOT	-635 000	-635 000	-551 340
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-15 613
Sum inntekter	-2 634 000	-2 391 000	-2 672 247
Sum 31 HELSETENESTA	17 393 000	16 725 500	15 909 366

8.2.4 Tiltak

- Tilsette den 4. fastlegen.
- Auke stillingsramma i hjelpepersonellet i legetenesta med 15 % stilling
- Utstyrsposten er styrka
- Etablere nye lokale for tenesta i NAV-kontora med eige møterom. Det er sett av midlar til å møblere dette
- Tilsetja ny fagleiar
- Etablere våtrom med dusj for bleiebrukarar

8.3 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

8.3.1 Status

IHT er ei eining som inneheld heimebaserte og institusjonsbaserte tenester.

Tenestene omfattar:

- Sjukeheim
- Heimesjukepleie
- Praktisk bistand/heimehjelp

Som vist i tabellane i dette dokumentet, er vi inne i ei tid der delen tenestemottakarar med behov for omfattande tenester aukar sterkt i den eldste delen av befolkninga. Dette set press på tenestene som blir levert i IHT. KOSTRA-tabellane viser at den største veksten i pleieytinga vår er retta mot den eldste delen av innbyggerane våre.

Kommunen har satsa på å styrke heimebaserte tenester med tanke på at flest mogleg kan bu heime så lenge det følast trygt for den einskilde og dei pårørande. I samband med dette er det svært viktig å kunne gje dei pårørande eit tilbod om eit pusterom, gjennom å kunne ta inn den sjuke på eit avlastningsopphald på sjukeheimen. Vi ser ei sterk auke i søknad om avlastningsplass, og det er utfordrande å kunne stille med eit tilbod raskt nok.

Eit resultat av at fleire bur heime lenger, er at når nivået på tenesta vi evnar å setje inn heime ikkje lenger er tilstrekkeleg, er ofte neste nivå langtidsplass på sjukeheimen. Dette har ført til auka behov for både langtids-, korttids- og avlastningsplassar på sjukeheimen. Vi har ikkje klart å ha ledig kapasitet til ei kvar tid, difor har vi i 2018 kjøpt 26 døgn i nabokommunar.

Grunna auka pågang og tyngre pleieoppgåver er tenesta styrka, m.a. med forlenga vakter på demensavdelinga og i omsorgsbustad gjennom 2018.

Heimetenesta har som tidlegare mange brukarar og låge kostnader. Det er viktig at vi også i 2019 prioriterer førebyggjande tiltak i større grad for brukarar som er i fare for å utvikle sjukdom. Mange treng oppfølging av ernæring, fallførebyggjande tiltak, medisinar og hjelp til å hindre utvikling av sår. Dette må setjast i system for å lukkast.

Kvardagsrehabilitering er implementert i heimebaserte tenester og er ei førebyggjande teneste retta mot heimebuande eldre. Formålet med tenesta er at brukaren kan bu heime lengst mogleg og delta aktivt i eige liv. Brukaren deltek aktivt i rehabiliteringa saman med eit tverrfagleg team for å nå måla sine. Treninga skjer i heimen eller i nærmiljøet til brukaren i ei intensiv og tidsavgrensa periode.

Kvardagsrehabiliteringsteamet har hatt tilbod om heimebesøk til alle innbyggjarane i kommunen i aldersgruppa 75-79 år i 2018. Her jobbar vi direkte førebyggjande gjennom dialog og informasjon. Målet er å gjere dei eldre meir bevisste i kvardagen og gje tips og råd for betre å kunne ivareta eiga helse. Til no i 2018 er det gjennomført 66 førebyggjande heimebesøk. Innbyggjarane vi har vitja er overraskande spreke og sjølvstendige. Svært få av dei me har vitja har hatt behov for vidare oppfølging. Om det skulle oppstå eit behov er vårt ynskje at den enkelte skal føle det enklare å ta kontakt med oss etter besøket er gjennomført. Arbeidsforma gjev oss ein moglegheit til å ha fokus på den einskilde og kunne førebyggje helsesvikt og uhell i heimen. Då gruppa me har vitja er så oppegående og spreke, ynskjer vi å utvide tilbodet til aldersgruppa 75-85 år.

Kommunen opplever aukande etterspørsel etter heimesjukepleie både hjå eldre, ungdom, unge funksjonshemma, kronikarar, rusmisbrukarar og i palliativ pleie. I tillegg er det auka etterspørsel etter heimesjukepleie i helger og feriar, då mange besøkande oppheld seg på hytter i Øystre Slidre.

VLMS har 10 regionale IMA-plassar (intermediær avdeling) med sjukepleiarkompetanse. Det er eit tilbod før/etter/i staden for sjukehus. Det er også eit kompetansesenter for tilsette som vi nyttar oss av. Øystre Slidre er den kommunen som brukar IMA mest etter Nord-Aurdal. Samhandlinga med VLMS er jamn, konstruktiv og effektiv.

8.3.2 Stillingsramme

Tabell 8-9 Stillingsramme - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Ambulerande vaktmeister	0,9	0,9	0,0	
Avdelingsleiar	2,0	2,0	0,0	
Ergoterapeut	1,0	1,0	0,0	
Fysioterapeut	0,8	0,8	0,0	
Heimehjelp	1,9	1,9	0,0	
Hjelpepl./omsorgsarb. heimetenesta	10,1	9,6	0,6	Auka vaktlengder i Moav. 25 (gjennomført i -18)
Hjelpepl./omsorgsarb. sjukeheimen	22,7	22,4	0,3	Teknisk justering
Kjøkkensjef	1,0	1,0	0,0	
Kokk	2,5	2,5	0,0	
Sjukepleiar heimetenesta	6,4	6,2	0,2	Teknisk justering
Sjukepleiar sjukeheimen	8,2	8,2	0,0	
Vernepleiar sjukeheimen	0,8	0,8	0,0	
Avdelingssjukepleiar	1,9	1,9	0,0	
Totalt	61,2	60,2	1,0	

8.3.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-10 Økonomiske hovudtal – IHT

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	53 474 000	51 089 000	49 822 206
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	2 975 500	2 769 000	3 408 810
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	351 000	346 000	447 374
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	289 000	261 000	983 438
14 OVERFØRINGAR	-	-	725 203
15 FINANSERINGSUTGIFTER	41 000	41 000	142 153
Sum utgifter	57 130 500	54 506 000	55 529 183
16 SALGSINNTEKTER	-6 887 000	-6 823 000	-7 338 834
17 REFUSJONER	-2 091 000	-2 226 000	-3 244 405
18 STATSTILSKOT	-2 000	-152 000	-223 877
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-276 208
Sum inntekter	-8 980 000	-9 201 000	-11 083 324
Sum 36 IHT	48 150 500	45 305 000	44 445 859

Tiltak

- Styrka posten til hjelpemiddel og medisinsk utstyr med ca. 30 000 kr.
- Vidareutdanning: 20 000 kroner er lagt inn, finansiert av omsorgsfondet.
- 3 tenestebilar er tekne inn. Ca. pris per ny bil er 350 000 kr minus innbytte. Blir finansiert av investeringsbudsjettet.
- Medisinkurs for 65 – 70 tilsette.
- Ekstrautgifter for å profesjonalisere brannøvingane.
- Førebyggjande heimebesøk for aldersgruppa 80-85 år er teke inn i ordinær drift frå 2019.
- Kvardagsrehabilitering og førebyggjande besøk inn i ordinær drift frå 2019.

8.4 Miljøtenesta

8.4.1 Status

Turnusområdet gjev for tida tenester til 10 vaksne brukarar med ulik grad av utviklingshemming eller diagnosar som krev miljøterapeutisk oppfølging. Det er stor skilnad i funksjonsnivået hjå desse brukarane. Det er også 4 barn og unge som har opphald i avlastningsbustaden. Omfanget av avlastning for enkelte har auka gjennom 2018. Miljøtenesta har oppdrag i kommunale bustader og heimar utanfor Brennebakkin knytt til miljøtiltak, opplæring og åtferdsendring.

I tillegg til nye, unge brukarar med behov for tilrettelagt bustad med miljøtenester i åra som kjem, er det ei auke i behovet for barneavlastning for enkelte brukarar. Avlastning er eit viktig førebyggjande tiltak som vil, om det blir gjeve til rett tid og med rett mengde, utsette behovet for tunge kommunale tenester for denne brukargruppa.

Det er etablert to barneavlastningsordningar i Øystre Slidre kommune. Det eine blir gjeve i bustad avsett til formålet på Brennebakkin 3. Det andre tilbodet er organisert slik at vi kjøper tenester hjå private, der desse utfører avlastinga i eigen heim.

Miljøtenesta har kjøpt ny bil og ei leilegheit er pussa opp i 2018.

8.4.2 Stillingsramme

Tabell 8-11 Stillingsramme – Miljøtenesta

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	10,3	9,6	0,6	40 % barneavlasting, 20 % psykiatri og 50 % nytt tiltak (halvårsverknad)
Vernepleiar	4,8	4,6	0,2	Overført frå fagarb/assistent
Avlastar	0,2	0,2	0,0	
Totalt	16,3	15,4	0,8	

8.4.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-12 Økonomiske hovudtal – Miljøtenesta

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 122 000	12 168 000	11 424 714
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	213 000	180 000	220 020
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	22 000	22 000	24 864
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 486 000	1 308 000	1 547 196
14 OVERFØRINGAR	-	-	31 825
Sum utgifter	14 843 000	13 678 000	13 248 618
16 SALGSINTEKTER	-50 000	-50 000	-43 105
17 REFUSJONER	-964 000	-549 000	-731 877
Sum inntekter	-1 014 000	-599 000	-774 982
Sum 39 MILJØTENESTA	13 829 000	13 079 000	12 473 636

8.4.4 Tiltak

- Styrka barneavlastinga med 40 % stilling
- 50 % stilling til nytt tiltak i 2019
- 20 % stilling til aktivisering og sosial deltaking
- Teknisk drift følger opp resten av meldte behov

8.5 Interkommunale tenester (NAV, barnevern og intermediasenger i VLMS)

Tabell 8-13 Interkommunale tenester i Helse og omsorg, Øystre Slidre kommune sin andel

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Jordmor	310 000	397 000
Legevakt	2 487 000	2 723 000
NAV	2 516 000	2 494 000
Barnevern	1 886 000	1 962 000
VLMS intermed.	2 798 000	2 864 000
VLMS reinhald etc.	716 000	716 000
Vertskommune NAK	10 713 000	11 156 000

Smiso	10 000	12 000
Ringerike Krisesenter	250 000	250 000
Andre tenester	260 000	262 000
Totalt	10 973 000	11 418 000

8.6 NAV

Overordnet mål for NAV Valdres er å bidra til at innbyggerne i størst mulig grad er deltakende i arbeidslivet, da dette er det viktigste tiltaket for bekjempelse av fattigdom i Norge. Gjennom sykefraværsoppfølging skal vi bidra til at de som er i jobb fortsatt kan stå i jobben, og vi skal bidra til at de som står utenfor arbeidslivet kommer i arbeid og blir selvberget. NAV forvalter også økonomisk sosialhjelp for kommunene, som er det økonomiske sikkerhetsnettet for dem som ikke har andre muligheter til inntekt. Personer som har vanskeligheter med å disponere egen økonomi, kan få bistand av økonomiteamet i NAV Valdres.

Ungdom og personer med innvandrerbakgrunn er prioriterte grupper for oppfølging i NAV, og vi har også ekstra fokus og tiltaksmuligheter for personer som trenger utvidet oppfølging for å delta i arbeidslivet. Godt kjennskap til, og samarbeid med, næringslivet er nødvendig for at vi skal oppfylle samfunnsoppdraget med at flest mulig skal få muligheter til å delta i arbeidslivet.

Utviklingen av nettbaserte tjenester i NAV gjør at flere av tjenestene våre nå er lettere tilgjengelige for flere brukere, og at det lokale NAV-kontoret kan ha større fokus på dem som trenger tett oppfølging fra veileder. Bruk av mobilitetsløsninger gjør at medarbeiderne i NAV i større grad kan møte brukere og samarbeidspartnere utenfor NAV-kontoret når det er hensiktsmessig.

I tillegg til minimumsløsningen for NAV-kontor, har valdreskommunene valgt å organisere kommunalt rusarbeid inn i NAV Valdres, jf. Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan. Rusteamet skal bl.a. fungere som mottaks- og utetjeneste, drive oppsøkende virksomhet, samt kartlegge behov for rusoppfølging i Valdres. Rusteamet samarbeider med bl.a. fastleger, DPS, psykisk helsetjeneste i kommunene, og brukerstedet Stabburshella.

Tabell 8-14 Samla årsverk i virksomheten og endringer i 2019 (NAV Valdres)

NAV VALDRES	Årsverk 31.12.17	Årsverk 31.12.18	Årsverk 31.12.19	Endring i 2019
NAV-kontor	17,80	17,80	17,80	0,00
Sum	17,80	17,80	17,80	0,00

8.6.1 Tiltak

Tabell 8-15 Viktige endringer i virksomheten i årsbudsjettet for 2019 og i økonomiplanen

Tiltak NAV Valdres	2019	2020	2021	2022	Total
Reduksjon husleie andre kommuner	-320	-320	-320	-320	-1 280
Ettårige kostnader til ombygging rådhuset	-250	-250	-250	-250	-1 000
Økning husleie Fagernes	33	33	33	33	132
Økning kvalifiseringsstønad og øk. sosialhjelp	244	244	244	244	976
Omorganisering rusarbeid til Familiens hus	0	-713	-713	-713	-2 139
Reduksjon økonomisk sosialhjelp	-500	-500	-500	-1 000	-2 500

Tabell 8-16 NAV - ØSK sin andel av utgifter

	2019	2018	2017
SOSIALKONTORTENESTER	2 141 000	2 214 000	2 172 371
ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 179 000	3 512 000	3 349 998
KVALIFISERINGSPROGRAM	182 000	182 000	108 864
INTERKOM. RUSARBEID	332 000	302 000	274 941
Sum 330 NAV	5 834 000	6 210 000	5 906 951

8.6.2 Barnevern – status og økonomiske hovudtal

Øystre Slidre kommune har felles barneverntjeneste med kommunene Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal.

Kontoret som helhet er lavere bemannet mht. antall stillinger pr. 1 000 barn 0-17 år enn fylket for øvrig. Tjenesten er styrket med ett årsverk, men problemer med rekruttering samt sykemeldinger har medført ytterligere kjøp av konsulenttjenester. Dette medfører avvik også i de resterende månedene. Gitt at innleie av konsulenter fortsetter på samme nivå som første tre kvartal, vil prognosen bli 1 700.

Barneverntjenesten har avsluttet 61 undersøkelser til og med 3. kvartal. 55 avsluttet innenfor 3 mnd. frist, 3 innenfor 6 mnd. frist og 3 fristoversittelser. I 55 av 61 undersøkelser ble det gjennomført samtale med barnet, og det er utarbeidet undersøkelsesplan i 41 av 61 undersøkelser. Dette ansees som innenfor normal aktivitet for tjenesten.

Barnevernleder er prosjektleder i et regionalt prosjektarbeid i forbindelse med etablering av barnevernvakt/akuttberedskap. Rapport er overlevert HOF og en beslutning bør foreligge innen relativt kort tid. Akuttberedskapen skal etter planen iverksettes 01.01.19. Ordningen vil uavhengig av form, utgjøre en utgiftsøkning.

Barneverntjenesten hadde i første halvår et relativt høyt sykefravær sammenlignet med situasjonen forøvrig. Bedriftshelsetjenesten har vært inne med kartlegging og samtaler pga. uttrykte behov for endringer i en belastende arbeidssituasjon. Tjenesten er inne i en evalueringsfase i forhold til teamstruktur og teamlederfunksjoner, denne har pågått utover høsten og vil bli avsluttet innen utgangen av året. En medarbeider er i gang med andre året av en toårig videreutdanning i «Spe- og småbarns psykiske helse» mens en annen medarbeider har gjennomført 2/3 av opplæring i PMTO (foreldreveiledning).

Tabell 8-17 Barnevern - ØSK sin andel av utgifter

	Budjett 2019	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
BARNEVERN TENESTER	1 962 000	1 886 000	2 186 667
BARNEVERN I FAMILIEN	233 000	335 000	702 112
BARNEVERN UTANFOR FAMILIEN	3 922 000	1 614 000	2 697 014
Sum 331 BARNEVERN	6 117 000	3 835 000	5 585 793

Merforbruket på tjenester utenfor heimen skyldes flere nye plasseringer dette året. Kommunen har fått ytterligere 3 barn under omsorg jf. Lov om barneverntjenester § 4-12, samt tre nye frivillige plassering jf. 4-4, 6. ledd.

Dette er plasseringer som ikke var kjent for tjenesten når budsjett for 2018 ble lagt. Det foreligger utestående refusjoner for 3. kvartal som kan redusere avviket noe.

8.7 Valdres Lokalmedisinske Senter (VLMS)

Virksomheten har den høyeste beredskapen og kompetansen innenfor helse i regionen.

Sykehuset Innlandet sine tjenester; dialyse, røntgen, kreftpoliklinikk og spesialistpoliklinikk. Det er laget en utviklingsplan med tilhørende handlingsplan for det videre arbeidet som blant annet innebærer etablering av flere spesialistpoliklinikker, utvidelse av kreftpoliklinikk og røntgentilbud. Det vil bli jobbet videre med å se på samlokalisering VLMS og DPS i Aurdal med poliklinikk, barne- og ungdomspsykiatri (BUP) samt døgnavdeling. Videre skal det utredes behovet for somatiske sykehussenger og CT.

Interkommunale tjenester; Valdres legevakt, Valdres jordmortjeneste og Intermediæravdeling med kommunale akutte døgnplasser. De interkommunale tjenester vil bli involvert og påvirket av utviklingsarbeidet med Sykehuset Innlandet. Det gode samarbeidet med alle valdreskommuner og Sykehuset Innlandet blir viktig i det videre arbeidet for å sikre at pasienter får tjenester til rett tid, på rett nivå med rett kompetanse. Fokus på pasientflyt og god kvalitet er et av våre mål for virksomheten.

Det knytter seg stor usikkerhet til om hvordan en evt. nedlegging av DPS Aurdal vil slå ut for framtidig drift av de interkommunale sengene.

Tabell 8-18 Antall årsverk i virksomheten og endringer i 2019

VLMS	Årsverk 31.12.17	Årsverk 31.12.18	Årsverk 31.12.19	Endring i 2019
VLMS admin.	1,40	1,40	1,40	0,00
VLMS intermediær	14,50	15,50	15,50	0,00
Jordmortjenesten	2,95	3,60	3,60	0,00
Valdres legevakt	7,35	7,35	7,35	0,00
Spesialistpoliklinikk	0,10	0,00	0,00	0,00
Dialyse	2,00	2,00	2,00	0,00
Røntgen	1,00	1,00	1,00	0,00
Kreftenhet	0,40	0,50	0,50	0,00
Sum	29,70	31,35	31,35	0,00

8.7.1 Økonomiske hovedtall

De interkommunale tjenestene i virksomheten har høy grad av øyeblikkelig hjelp. Det er nødvendig å ha en beredskap for å ta hånd om øyeblikkelig hjelp. Større uforutsette hendelser kan man ikke bemanne for i det daglige. En ekstra bemanning knyttet til høytider og festivalhelger er imidlertid nødvendig for å sikre forsvarlig drift spesielt på legevakten. Økningen i kompleksitet og øyeblikkelig hjelp innleggelse på Intermediæravdelingen øker også i perioder der det er en klar økning av folketallet i Valdres.

8.7.2 Tiltak

Tabell 8-19 Viktige endringer i virksomheten i årsbudsjettet for 2019 og i økonomiplanen

Tiltak VLMS	2019	2020	2021	2022	Total
Refusjon SI, følge og beredskapstjenesten	-446	-446	-446	-446	-1 784
Fremtidig legevakt, bakvakt lege, vold og overgrep	700	700	700	700	2 800
Bortfall inntekt Meteorologisk institutt	92	92	92	92	368

9 Teknisk drift

9.1 Status

Driftsutgiftene er relativt høge; dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. På bygg er straumutgiftene variable frå år til år og ein må ta høgde for dette i budsjettet. Det har vore ein del utgifter på husvære i 2018 som blei leigd inn i 2016-17 når det var mange flyktningar som kom. Straumen av flyktningar har stoppa opp, og vi har hatt litt utfordring med å få leigd ut enkelte leilegheiter som vi har på framleige.

I garderobar og svømmehall på ØSUS blei det installert nytt ventilasjonsanlegg. Det blei også skifta vindauge i svømmehallen. ØSUS fekk òg i 2017 pålegg frå Arbeidstilsynet om utbetring av sløydsalen. Dette arbeidet er no i gang. Lager og uteområde på Rogne skule er ferdig. Omsorgsbustadene på Moavegen er ferdigbygd, og det er flytta inn 4 stk. Gapahuken (ungdomshus) blei ferdigstilt i mai, og amfi er steinsett i haust.

I avdelinga VVA (veg, vatn og avløp) er det generelt god kvalitet. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og på e-post. Vaktordninga i VA-tenesta gjev 100 % tilgjenge for publikum. Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det vald prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar. Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytte til kommunaltekniske anlegg. Mykje av forklaringa på dette er at Vindin vassverk er privat. Dei leverer vatn til mange abonnentar i midtre del av kommunen. Sjølv om Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, så er dei fleste av desse fritidseigdommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avløp. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnett. Det er gjennomført store utbyggingar på VA. Parsellane frå Lidar til Sælid er no ferdige. Det er drift både på vatn- og avløpsleidningane, og fleire abonnentar har knytt seg til.

Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar. Få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, gjer også sitt til at gebyra per abonnent blir høge. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar og å rette fokuset meir mot økonomisering av drifta, for på den måten å få stabilisert nivået på gebyra.

Når det gjeld kommunale vegar, legg faktorar kommunen har lite styring over mange premissar for utgiftene, slik som snømengde, trong for strøing, frost/kjøving, reparasjon etter flaumskadar osv. Ekstraordinært vedlikehald vil også medføre at nivået vil svinge. Vegar som denne sesongen har kravd mykje oppgradering er Nyhagavegen og Etnelidvegen, der har vi blant anna utført masseutskifting, skifting av stikkrenner m.m. Vi har også asfaltert kommunal veg i Krøsshaugen. Dei andre kommunale vegane har det våre utført «vanleg» vedlikehald på. Vi har starta med utbetring før asfaltering av gang og sykkelveg Beitostølen Helsesportsenter – Nordheimsvegen.

Trivsel for den enkelte og evne til samarbeid med kollegane sine blir vurdert som generelt bra i teknisk avdeling, her er det lite som tyder på endringar frå tidlegare år. Det er ei utfordring å finne relevante kurstilbod og å få sendt våre folk på kurs. Men litt påfyll blir det.

Talet på tilsette som driftar avdelinga og omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved ev. endringar i tenestenivået.

9.2 Stillingsramme

Tabell 9-1 Stillingsramme Teknisk drift

	2019	2018	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Driftsoperatør	4,2	4,2	0,0	
Oppsynsmann	1,0	1,0	0,0	
Reinhaldar	12,4	12,3	0,1	Teknisk justering
Vaktmeister	4,0	4,0	0,0	
Vaktmeisterformann	1,0	1,0	0,0	
Totalt	23,5	23,5	0,1	

9.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 9-2 Økonomiske hovudtal - Teknisk drift (beløp i 1000 kr)

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endring i %	Regnskap 2017
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	14 902	14 452	450	3	16 868
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	10 927	10 892	35	0	10 692
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	12 375	9 771	2 604	27	12 579
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	17 615	17 115	500	3	9 993
14 OVERFØRINGAR	-	-	-	0	3 687
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	-	0	4 405
Sum utgifter	55 819	52 230	3 589	7	58 225
16 SALGSINNTEKTER	-31 264	-30 264	-1 000	3	-31 256
17 REFUSJONER	-661	-998	337	-34	-6 123
19 FINANSINNTEKTER	-5 146	-3 230	-1 916	59	-141
Sum inntekter	-37 071	-34 492	-2 579	7	-37 519
Sum 4 Tekniske tenester	18 748	17 738	1 010	6	20 706

Tabell 9-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Teknisk drift (beløp i 1000 kr)

	Budsjett 2019	Buds(end) 2018	Endring i kr	Endring i %	Regnskap 2017
TEKNISKE TENESTER ADM	921	875	46	5,3	896
Sum 40 TEKNISKE TENESTER FELLES	921	875	46	5,3	896
43 KOMMUNALE BYGG OG REINHOLD					
KOM.LE BYGG OG EIGEDOM - DRIFT	13 640	11 223	2 417	21,5	12 983
REINHOLD	7 909	7 715	194	2,5	7 187
Sum 43 KOMMUNALE BYGG OG REINHOLD	21 549	18 938	2 611	13,8	20 169
44 EIGEDOM OG VEG					
EIGEDOMSFORVALTNING	-2 555	-2 556	1	0	-2 002
BUSTADFØREMÅL	211	211	-	0	179
VEG - SAMFERDSEL	3 410	2 953	457	15,5	2 813
Sum 44 EIGEDOM OG VEG	1 066	608	458	75,3	989

45 VATN					
OLE VASSVERK	-3 943	-3 443	-500	14,5	-5 573
KOLLSTAD VASSVERK	-232	-232	-	0	-524
VASSVERK FELLES	-365	72	-437	-606,9	4 019
Sum 45 VATN	-4 540	-3 603	-937	26	-2 078
46 AVLØP					
BEITO REINSEANLEGG	-3 970	-3 470	-500	14,4	-7 203
NEDREFOSS REINSEANLEGG	-704	-704	-	0	-650
YGNA REINSEANLEGG	-200	-200	-	0	-259
AVLØP FELLES	-374	794	-1 168	-147,1	4 791
Sum 46 AVLØP	-5 248	-3 580	-1 668	46,6	-3 321
49 BRANN OG FEIERVESEN					
BRANN OG FEIERVESEN	5 000	4 500	500	11,1	4 051
Sum 49 BRANN OG FEIERVESEN	5 000	4 500	500	11,1	4 051
T O T A L T	18 748	17 738	1 010	5,7	20 706

9.4 Framdrift

Hovudfokus framover i teknisk drift vil vera å gjennomføra godkjende investeringsprosjekt. Det er fortsett store investeringsprosjekt i 2019 på vatn og avløp. Ein vel likevel å gå litt ned på forbruksgebyret for vatn og avløp.

Ved driftsavdelinga skal ein leggja til rette for god drift av kommunen sine bygg og anlegg. Ein vil i 2019 sette i drift eit dataverktøy for bruk innanfor drifts- og eigendomsforvaltning i kommunen. Ein kan nyttiggjera eit slikt program både med omsyn til eigendomsforvaltning og driftsoppgåver. Vaktmeistarane får oppgåver ute på bygga, og oppgåvene kan med enkle tastetrykk på telefon kvitterast ut, frå f.eks. vedlikehaldsplanen.

Det vart i 2016 laga ein vedlikehaldsplan som blir oppgradert til stadigheit. Denne vil vere ei god hjelp ved implementering av det nye dataprogrammet. Dette er eit levande verktøy som vil bli brukt aktivt i året som kjem. ØSUS vil og bli prioritert neste år. Svømmehallen må rehabiliterast, med nye fliser. Det vil elles òg vere ein god del vedlikehaldsoppgåver i dei andre bygga som kommunen eig.

På reinhald vil ein fortsetta med opplæring og vidareutvikling av reinhaldsplanane. Viktig er å tenke opplæring i smitte og smittereinhold for å tenke framover til det nye helsetunet står klart.

9.5 Tiltak

- Gjennomføring av investeringsprosjekt
- Kompetanseutvikling på alle plan
- Vidareutvikling av dataverktøy (FDV-programvaren)
- Vidareutvikle rutinar og prosedyrar i heile avdelinga
- Arbeide for å få gjennomført vedlikehaldsbehovet på bygga
- Fortsett oppgradering av ungdomsskulen (ØSUS)
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Styrke tryggleik for tilstrekkeleg vatn til Beitostølen
- Optimalisere leidningsnett - redusere lekkasjar
- Oppretthalde god standard på kommunale vegar
- Asfaltering av uteområde på ØSUS og Gapahuken

10 Næring og byggesak

10.1 Mål og status

Samfunnsdelen i kommuneplanen legg mange føringar for mål og arbeidsoppgåver i avdeling for næring og byggesak. Ny arealdel har opna for spanande endringar og nye mogelegheiter. Ein ser ei tydeleg auke i talet på saker der eksisterande hytter får tilbygg og anneks. Dette bidreg til viktig næringsutvikling, og er ofte prosjekt som kjem lokalt næringsliv til gode. Eigedomsskatten som vart innført i fjor, der 12 mill. kr skulle nyttast til ulike næringsutviklingstiltak, har gitt kommunen musklar til å initiere prosjekter og tiltak som openbart bidreg til auka verdiskaping.

Konkrete mål:

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust og framtidretta næringsliv
- Kommunen skal vere ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar moglegheitene og vågar å gripe dei.
- Øystre Slidre kommune skal ha auka fokus på landbruk i kommunen

Vekst i kvalitet

Det er eit prioritert mål at avdeling for næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som set kvalitet, likebehandling, brukarar og service i sentrum. Ei tydeleg og føreseieleg forvaltning er det same som god og effektiv næringsutvikling. Då sakstilgangen er varierende gjennom året, har ein i fleire år sumartid og ut over hausten hatt utfordringar med å halde alle sakshandsamingsfristar etter loven. Ein vil no sjå kritisk gjennom oppgåver og tilgjengelege ressursar og komponere desse slik at ein løyser dette på ein betre måte.

Visjonen «Rein naturglede» er ein ledestråd for prioriteringar, virke og sakshandsaming, og berekraftig forvaltning og biologisk mangfald har stor vekt i arbeidet.

Offensiv organisasjon

Næring og byggesak er ein organisasjon som har ei offensiv haldning til å ta i bruk nye digitale verktøy. Nytt sakshandsamingssystem vart rulla ut i 2018, og har gitt ein effektivitetsvinst. Ein ser no fram til å ta i bruk nytt system for byggesakshandsaming. Ein saknar ei digitalisering av eigedomsarkivet, men vonar no at det er på plass i løpet av året. Samla sett meiner vi avdelinga jamt over leverer godt innanfor lovens krav om sakshandsamingstid, og med eit innhald som tilbyr tenester som i kvalitet tilfredsstillar innbygarane, dei næringsdrivande og gjestene sine behov.

Langsiktig arbeid på oppmålingssida for å gje ryddige eigedomstilhøve har vore ei viktig satsing for å sikre rammer for effektiv saksflyt i kommunal forvaltning og sakshandsaming. I arbeidet med å førebu eigedomsskatten har ein erfart kor viktig dette arbeidet har vore. Kommunen og avdelinga er leiande i Valdres med omsyn til bruk av e-kommunikasjon. Når ein no ser at sentrale myndigheiter legg til rette for digitaliserte søknadsprosessar, er ein godt budd. Samla vil det grunnlaget som er lagt gjennom systematisk arbeid i lang tid saman med desse nye statlege søketenestene betre saksflyten. Dette gjer det mogeleg å halde oppe vår høge servicegrad, der kundane stort sett kan imøtekomast utan avtalte besøk eller telefontider.

10.2 Byggesak

Kommunen har vedteke ein ambisiøs og omfattande VA-plan. Avdelinga sine fagressursar på dette feltet er styrka ved å omprioritere arbeidsoppgåver. Dette har gitt ei betydeleg kvalitetsheving på prosjektering og bygging av avløpsanlegg, der det ikkje er eit kommunalt tilbod.

Ein har i 2019 lagt til grunn om lag same omfang i talet på byggesaker som i førre års budsjett. Generelt har det vore avdelinga si erfaring at det årleg blir ført opp ein del bygg som ikkje er søkt om på lovleg måte. Oppfølging av slike saker er svært tidkrevjande. Gjennom takseringsarbeid i

samband med eigedomsskatten ser ein no at det er sær mange tilbygg og til dels større bygg som ikkje har godkjent byggeløyve.

Kommunen har vedteke ein kommunal tilsynsstrategi, slik vi er pålagde etter loven. Målet har vore å gjennomføre eit tilsyn som minimum dekker lovkravet. Ein må neste år vurdere korleis ein skal handsama alle desse sakene som kjem i tillegg. Tilsynsarbeidet har ei generell preventiv effekt og på sikt sparer det både kommune, tiltakshavarar og utførande handverkarar for betydelege kostnader.

Unntaket gjeld sakshandsaming av avløpssøknadar. Satsinga og kvalitetshevinga på dette feltet er viktig både for miljøet og den som skal eige og bruke desse anlegga, og dette krev større ressursinnsats enn tidlegare. Ein har derfor, med unntak for dette området, berre gjort framlegg om mindre justeringar i gebyrregulativet til handsaming av saker etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Gebyra dekker slik det no er om lag dei samla kostnadane kommunen har med slike saker. Desse gebyra utgjer ein svært liten del av dei samla byggekostnadane i dei fleste sakene. Gebyrnivået er likevel under kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med – som Øyer, Ringebu og Ringsaker.

Det er lagt opp til eit gebyr for tiltak som er sett i gang før det er sendt søknad. Grunngevinga for dette er at slike saker gir svært mykje ekstraarbeid for kommunen, og at ein ofte kjem i den situasjon at kommunen som bygningsmynde ikkje får påverke plassering eller utforming, utan at dette har betydeleg økonomiske konsekvensar for tiltakshavar.

Tabell 10-1 Gebyrsatsar plan- og bygningslova Øystre Slidre kommune

	2019	2018
3.2.1 Søknadspåkravde tiltak etter PBL §20- 3		
Opp til og med 100 m2 BRA	kr 9 800	kr 9 400
101 m2 BRA- 200 m2	kr 4 000	kr 3 800
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	kr 2 800	kr 2 700
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.2 Søknadspåkravde tiltak etter PBL §20-4		
Mindre tiltak på bygd eigedom <50/70 m2	kr 5 000	kr 4 800
Driftsbygning i landbruket	kr 3 300	kr 3 200
Mellombels bygning	kr 3 300	kr 3 200
Andre mindre tiltak	kr 3 300	kr 3 200
3.2.3 Søknadspåkravde tiltak etter PBL §20-4 d		
Oppretting av ny eigedom	kr 5 000	kr 4 800
3.2.4 Søknadspåkravde tiltak etter PBL § 20-3 Fritidsbustader inkl. annek		
Opp til og med 100 m2 BRA	kr 15 800	kr 15 200
101 m2 BRA- 200 m2	kr 4 400	kr 4 200
For kvar påbyrja 100 m2 over 200 m2	kr 3 400	kr 3 300
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.5 Tiltak igangsett utan at søknad er innsendt		
Tiltak etter 3.2.1 - 3.2.5 og 6.1.1 som blir igangsett utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret	Avhengig av type gebyr	Avhengig av type gebyr
Tiltak etter 3.2.1 og 3.2.1 som er tatt i bruk før ferdigattest er gitt	kr 5 400	kr 5 000
3.2.6 Godkjenning av føretak etter PBL § 22-3		
Søknad om lokal godkjenning	kr 850	kr 800
3.2.7 Dispensasjon		
Dispensasjon -administrativ	kr 4 600	kr 4 400
Dispensasjon - politisk	kr 8 500	kr 8 200

10.3 Næringsutvikling

Målet i planstrategien er at Øystre Slidre kommune skal vera den beste opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter per innbyggjar. Valdres næringshage er tildelt ansvaret for etablerer-opplæring og etablerer-vegleriing, men næring og byggesak prøver å støtte opp under dette arbeidet med rask sakshandsaming og føreseielege rammevilkår.

Kommunestyret vedtok i samband med innføring av eigedomsskatt å sette av pengar til eit fond kalla «Næringsfond eigedomsskatt», likt 60 % av utskriven eigedomsskatt. Erfaringa så langt er at kommunen no har musklar, spesielt til fellestiltak som har stor betydning for næringslivet. Satsinga på å utvikle eit stistykkelprodukt på Beitostølen blir foreslått vidareført. Innføring av ei eiga tilskotsordning til bygging av private stikkleidningar for vatn og avlaup er òg ei nyskaping, men som av ulike årsaker har hatt ein trong fødsel. Ordninga er foreslått vidareført med litt lågare sum. Løypenettet både sumar og vinter er avgjerande for opplevingar, og eit særskilt viktig tiltak med omsyn til næringsutvikling. Ein auka summane til desse formåla vesentleg i fjor, og foreslår dette vidareført saman med bygging av skibru over Beitestølsvegen.

10.4 Landbruk

Når det gjeld utvikling i driftseiningar og dyretal, kjem Øystre Slidre best ut av valdreskommunane.

Interessa for å investere i bygningar har vore stor, og dette er noko vi ønskjer å halde oppe og vi prøver å tilby god rådgeving og rask sakshandsaming i utbyggingssaker. Dette er spesielt viktig no når administrasjonen av utbyggingssaker er lagt til Innovasjon Oppland på Lillehammer.

Under-avverkinga i skogen er minkande, men framleis for stor. Aktiviteten på dette området er svært avhengig av marknaden.

Kommunen har i år saman med landbruksnæringa meisla ut ein landbruksstrategi. Sentralt i arbeidet var å identifisere kva som er organisasjonane sitt ansvar, kva som er næringa sitt ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar. Forslag om midlar til ulike fellestiltak på denne sektoren er i tråd med forslaga i denne strategien.

